Vestland
fylkeskommune

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Yrkesopplæringsnemnda** |
| **Møtestad:** | Fjernmøte |
| **Dato:** | 19.05.2021 |
| **Tid:** | 10:00 |

Lenke for oppkopling kjem i møteinnkalling outlook.

**Program**

Kl. 10:00- Oppstart
Orientering, ca 15. min.

- Formidling, status og prosess v/Bekka Skaasheim og Hege Osebakken

Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

**Melding om forfall:**

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i yrkesopplæringsnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roger Pilskog

leiar

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Arkiv-saksnr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | **Godkjenningssaker** | | |
| GK 9/21 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| GK 10/21 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 15.04.2021 | 2019/130 | |
| | **Referatsaker** | | |
| RS 5/21 | Covid-19 - statlege tilskot | 2021/2704 | |
| RS 6/21 | Nye og godkjende lærebedrifter | 2021/5963 | |
| RS 7/21 | Status fagprøvegjennomføring | 2021/5963 | |
| RS 8/21 | Formidling til læreplass, prosess og status | 2021/5963 | |
| RS 9/21 | Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen | 2020/70893 | |
| RS 10/21 | Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule | 2021/20150 | |
| | **Politiske saker** | | |
| PS 10/21 | Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune | 2021/16092 | |
| PS 11/21 | Mandat for yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval | 2021/6016 | |
| PS 12/21 | Tiltak for lærlingar og lærekandidatar - statleg tilskot | 2021/5963 | |
| PS 13/21 | Fagbrev på jobb | 2020/41026 | |
| PS 14/21 | Samarbeid om utstyr mellom skule og næringsliv | 2020/73823 | |
| PS 15/21 | Tilhøve for ungdom på hybel | 2021/18407 | |
| PS 16/21 | Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune | 2021/19208 | |

**Godkjenningssaker**
**GK 9/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Vestland fylkeskommune

**Organisasjon og økonomi**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2019/130-47
**Saksbehandlar:** Berit Dianne Kilvær

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 10/21 | 19.05.2021 |

# Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 15.04.2021

Møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 15. april 2021 er lagt ved saka.

Vestland fylkeskommune

**Møteprotokoll**

| Utval: | Yrkesopplæringsnemnda |
|---|---|
| Møtestad: | Fjernmøte |
| Dato: | 15.04.2021 |
| Tid: | 10:00 - 11:40 |

**Følgjande faste medlemer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Roger Pilskog | Leiar | LO |
| Ove Kjøllesdal | Nestleiar | NHO |
| Ann-Kristin Kristoffersen | Medlem | NHO |
| Sølvi Olrich Sørebø | Medlem | KS |
| Bjørg Simlenes Nguyen | Medlem | Virke |
| Sonja M. Øvre-Flo | Medlem | OppKo |
| Kine Bratli Dale | Medlem | Nærna |
| Eivind Johannessen | Medlem | UNIO |
| Signe M. K. Birks | Medlem | LærlinRepr |
| Jill Hellem | Medlem | YS |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Kari Daltveit | Medlem | LO |
| Marcus Hansen Våge | Medlem | ELEVREPR |

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Rita Jordal | Kari Daltveit | LO |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Bekka Skaasheim | Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse |
| Merethe Helland Nordnæs | Spesialrådgjevar/Møtesekretær |

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Arkiv-saksnr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | **Godkjenningssaker** | | |
| GK 7/21 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| GK 8/21 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 16.03.2021 | 2019/130 | |
| | **Referatsaker** | | |
| RS 4/21 | Digitale identitetsbevis for lærlingar | 2021/2704 | |
| | **Politiske saker** | | |
| PS 7/21 | Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 | 2020/70893 | |
| PS 8/21 | Uttale om søknad om landslinetilbod | 2021/5823 | |
| PS 9/21 | Prognoseinntaket - konsekvenser for nærskoleområdet Stor Bergen | | |

# Godkjenningssaker

## GK 7/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021

**Roger Pilskog, LO,** sette fram slikt forslag:

Ny sak på sakskartet: «Prognoseinntaket – konsekvensar for nærskoleområdet Stor Bergen».

Ekstramøte i yrkesopplæringsnemnda den 22.04.2021, der føremålet var å handsame denne saka, utgår.

Yrkesopplæringsnemnda vedtok samrøystes å sette saka på sakskartet utan saksførelegg:

PS 9/21 Prognoseinntaket – konsekvensar for nærskoleområdet Stor Bergen.

**Vedtak**

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

Bekka Skaasheim, assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, orienterte kort om arbeidet omkring søknad i bedrift og formidlingsprosessen vi står ovanfor.

## GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 16.03.2021

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021

**Vedtak**

Protokollen frå møte den 16.03.2021 vart godkjent utan merknader.

# Referatsaker

## RS 4/21 Digitale identitetsbevis for lærlingar

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021

RS 4/21 vart referert.

# Politiske saker

## PS 7/21 Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22

Forslag til vedtak

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22, vedteke i sak PS 60/20, vert justert slik:

| Nærskuleområde | | | | | Klassetal | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nr | Namn | Skulenavn | Nivå | Programområde | Red. | Auke | Få | Til |
| 1 | Sunnhordland | Austevoll vidaregåande skule | 1 | Naturbruk | | 1 | 3 | 4 |
| 1 | Sunnhordland | Austevoll vidaregåande skule | 2 | Akvakultur | | 1 | 1 | 2 |
| 1 | Sunnhordland | Austevoll vidaregåande skule | 2 | Maritime fag | | 1 | 2 | 3 |
| 1 | Sunnhordland | Fitjar vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 1 | Sunnhordland | Stord vidaregåande skule | 1 | Medier og kommunikasjon | 1 | | 1 | 0 |
| 1 | Sunnhordland | Stord vidaregåande skule | 2 | Industriteknologi | | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 1 | Sunnhordland | Stord vidaregåande skule | 2 | Køyretøy | | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 2 | Hardanger og Voss | Kvam vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 0,5 | | 0,5 | 0 |
| 2 | Hardanger og Voss | Kvam vidaregåande skule | 2 | Helsearbeiderfag | | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 2 | Hardanger og Voss | Kvam vidaregåande skule | 3 | Studiespesialisering | | 1 | 1 | 2 |
| 2 | Hardanger og Voss | Voss gymnas | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 2 | Hardanger og Voss | Voss gymnas | 2 | Helsearbeiderfag | | 1 | 1 | 2 |
| 2 | Hardanger og Voss | Voss vidaregåande skule | 1 | Teknologi- og industrifag | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Amalie Skram videregående skole | 1 | Informasjonsteknologi og medieproduksjon | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Amalie Skram videregående skole | 2 | Sikkerhet og administrasjon | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Amalie Skram videregående skole | 2 | Salg og reiseliv | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Arna vidaregåande skule | 2 | Tømrer | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Arna vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 1 | 0 |
| 3 | Stor-Bergen | Askøy vidaregåande skule | 1 | Studiespesialisering | 1 | | 3 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Bergen Katedralskole | 2 | Studiespesialisering | | 1 | 6 | 7 |
| 3 | Stor-Bergen | Fyllingsdalen videregående skole | 1 | Studiespesialisering C | 1 | | 1 | 0 |
| 3 | Stor-Bergen | Fyllingsdalen videregående skole | 3 | Drama | 0,5 | | 1,5 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Fyllingsdalen videregående skole | 3 | Påbygging til generell studiekompetanse | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Laksevåg og Bergen Maritime videre | 2 | Brønnteknikk | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Laksevåg og Bergen Maritime videre | 2 | Maritime fag | | 1 | 3 | 4 |

| Nærskuleområde | | | | | Klassetal | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nr | Namn | Skulenavn | Nivå | Programområde | Red. | Auke | Få | Til |
| 3 | Stor-Bergen | Sandsli videregående skole | 1 | Restaurant- og matfag | | 1 | 4 | 5 |
| 3 | Stor-Bergen | Sandsli videregående skole | 2 | Kokk og servitør | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Sotra vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Slåtthaug videregående skole | 2 | Automatisering | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 1 | Frisør,blomst,int,eksp.design | | 1 | 3 | 4 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 1 | Teknologi- og industrifag | | 1 | 4 | 5 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 2 | Data og elektronikk | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | | 1 | 3 | 4 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 2 | Hudpleie | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 3 | Hudpleie | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 3 | Påbygging til generell studiekompetanse | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Åsane vidaregåande skule | 1 | Bygg- og anleggsteknikk | | 1 | 3 | 4 |
| 3 | Stor-Bergen | Åsane vidaregåande skule | 2 | Salg og reiseliv | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Åsane vidaregåande skule | 3 | Påbygging til generell studiekompetanse | | 1 | 1 | 2 |
| 4 | Nordhordland | Knarvik vidaregåande skule | 2 | Betong og mur | 1 | | 1 | 0 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Idrettsfag | | 1 | 1 | 2 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Restaurant- og matfag | 1 | | 1 | 0 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Salg, service og reiseliv | 1 | | 2 | 1 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Studiespesialisering | 1 | | 3 | 2 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 3 | Medier og kommunikasjon Vg3 | 1 | | 1 | 0,5 |
| 5 | Indre Sogn | Årdal vidaregåande skule | 2 | Industriteknologi | 1 | | 1 | 0 |
| 7 | Sunnfjord og Sogn | Flora vidaregåande skule | 2 | Elenergi og ekom | 1 | | 2 | 1 |
| 7 | Sunnfjord og Sogn | Mo og Øyrane vidaregåande skule | 2 | Tømrer | | 1 | 2 | 3 |
| 8 | Nordfjord | Eid vidaregåande skule | 2 | Interiør og eksponeringsdesign | 0,5 | | 1 | 0,5 |
| 8 | Nordfjord | Eid vidaregåande skule | 2 | Frisør | 0,5 | | 1 | 0,5 |
| 8 | Nordfjord | Måløy vidaregåande skule | 2 | Kokk- og servitørfag | 1 | | 1 | 0 |
| 8 | Nordfjord | Stryn vidaregåande skule | 2 | Helsearbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 8 | Nordfjord | Stryn vidaregåande skule | 2 | Salg og reiseliv | 1 | | 1 | 0 |

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere ressursar tilsvarande ein klasse i perioden 1.mai til skulestart. Ressursane skal nyttast til å opprette ein ekstra klasse eller til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere inntektene frå gjesteelevane frå Møre og Romsdal i nærskuleområde 8 –Nordfjord. Vestland fylkeskommune får inntekt per elev som får skuleplass, og desse ressursane kan nyttast til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021**

**Roger Pilskog, LO,** sette fram slikt forslag:

> «Yrkesopplæringsnemnda syner til at det finns skular med linjer der dei har fleire søkjararar enn det er plass. I slike tilfelle, og når lærebedriftene går god for at dei vil følgje opp med læreplassar, meiner nemnda at det må opprettast nok plassar til å stette arbeidslivets behov.
>
> Yrkesopplæringsnemnda konstaterer at det fleire stadar i fylket finns søkjarar til tilbod som arbeidslivet etterspør og har læreplassar til, men det er ikkje mange nok søkjarar til å oppretta klasse i eit nærskuleområde. Nemnda vil tilrå at det så langt råd etablerast halve eller kombiklassar, for å bidra til å dekke arbeidslivets behov. Viss slike klassar ikkje let seg gjennomføra, oppmodar nemnda til å undersøkja moglegheitene for å etablera 1+3 modellar, gjerne med eit digital tilbod på fellesfaga som gjer det enklare for lærlingar og verksemder i distrikta.

Nemnda meiner elles at det må starta eit meir langsiktig arbeid, særleg i samarbeid med dei bransjane som ikkje får nok lærlingar, for å gje betre informasjon om moglegheitene til ungdom som søkjer utdanning.

Nemnda er uroa for at påbygg til VG3 studieforberedande er justert opp. Det må i staden sikrast god informasjon til elevane og at det er rett kapasitet på VG4 for dei som har bestått fagbrev.»

### Avrøysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

2. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22, vedteke i sak PS 60/20, vert justert slik:

| Nærskuleområde | | | | | Klassetal | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nr | Namn | Skulenavn | Nivå | Programområde | Red. | Auke | Få | Til |
| 1 | Sunnhordland | Austevoll vidaregåande skule | 1 | Naturbruk | | 1 | 3 | 4 |
| 1 | Sunnhordland | Austevoll vidaregåande skule | 2 | Akvakultur | | 1 | 1 | 2 |
| 1 | Sunnhordland | Austevoll vidaregåande skule | 2 | Maritime fag | | 1 | 2 | 3 |
| 1 | Sunnhordland | Fitjar vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 1 | Sunnhordland | Stord vidaregåande skule | 1 | Medier og kommunikasjon | 1 | | 1 | 0 |
| 1 | Sunnhordland | Stord vidaregåande skule | 2 | Industriteknologi | | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 1 | Sunnhordland | Stord vidaregåande skule | 2 | Køyretøy | | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 2 | Hardanger og Voss | Kvam vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 0,5 | | 0,5 | 0 |
| 2 | Hardanger og Voss | Kvam vidaregåande skule | 2 | Helsearbeiderfag | | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 2 | Hardanger og Voss | Kvam vidaregåande skule | 3 | Studiespesialisering | | 1 | 1 | 2 |
| 2 | Hardanger og Voss | Voss gymnas | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 2 | Hardanger og Voss | Voss gymnas | 2 | Helsearbeiderfag | | 1 | 1 | 2 |
| 2 | Hardanger og Voss | Voss vidaregåande skule | 1 | Teknologi- og industrifag | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Amalie Skram videregående skole | 1 | Informasjonsteknologi og medieproduksjon | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Amalie Skram videregående skole | 2 | Sikkerhet og administrasjon | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Amalie Skram videregående skole | 2 | Salg og reiseliv | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Arna vidaregåande skule | 2 | Tømrer | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Arna vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 1 | 0 |
| 3 | Stor-Bergen | Askøy vidaregåande skule | 1 | Studiespesialisering | 1 | | 3 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Bergen Katedralskole | 2 | Studiespesialisering | | 1 | 6 | 7 |
| 3 | Stor-Bergen | Fyllingsdalen videregående skole | 1 | Studiespesialisering C | 1 | | 1 | 0 |
| 3 | Stor-Bergen | Fyllingsdalen videregående skole | 3 | Drama | 0,5 | | 1,5 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Fyllingsdalen videregående skole | 3 | Påbygging til generell studiekompetanse | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Laksevåg og Bergen Maritime videre | 2 | Brønnteknikk | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Laksevåg og Bergen Maritime videre | 2 | Maritime fag | | 1 | 3 | 4 |

| Nærskuleområde | | | | | Klassetal | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nr | Namn | Skulenavn | Nivå | Programområde | Red. | Auke | Få | Til |
| 3 | Stor-Bergen | Sandsli videregående skole | 1 | Restaurant- og matfag | | 1 | 4 | 5 |
| 3 | Stor-Bergen | Sandsli videregående skole | 2 | Kokk og servitør | | 1 | 2 | 3 |
| 3 | Stor-Bergen | Sotra vidaregåande skule | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Slåtthaug videregående skole | 2 | Automatisering | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 1 | Frisør,blomst,int,eksp.design | | 1 | 3 | 4 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 1 | Teknologi- og industrifag | | 1 | 4 | 5 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 2 | Data og elektronikk | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag | | 1 | 3 | 4 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 2 | Hudpleie | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 3 | Hudpleie | 1 | | 2 | 1 |
| 3 | Stor-Bergen | Årstad videregående skole | 3 | Påbygging til generell studiekompetanse | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Åsane vidaregåande skule | 1 | Bygg- og anleggsteknikk | | 1 | 3 | 4 |
| 3 | Stor-Bergen | Åsane vidaregåande skule | 2 | Salg og reiseliv | | 1 | 1 | 2 |
| 3 | Stor-Bergen | Åsane vidaregåande skule | 3 | Påbygging til generell studiekompetanse | | 1 | 1 | 2 |
| 4 | Nordhordland | Knarvik vidaregåande skule | 2 | Betong og mur | 1 | | 1 | 0 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Idrettsfag | | 1 | 1 | 2 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Restaurant- og matfag | 1 | | 1 | 0 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Salg, service og reiseliv | 1 | | 2 | 1 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 1 | Studiespesialisering | 1 | | 3 | 2 |
| 5 | Indre Sogn | Sogndal vidaregåande skule | 3 | Medier og kommunikasjon Vg3 | 1 | | 1 | 0,5 |
| 5 | Indre Sogn | Årdal vidaregåande skule | 2 | Industriteknologi | 1 | | 1 | 0 |
| 7 | Sunnfjord og Sogn | Flora vidaregåande skule | 2 | Elenergi og ekom | 1 | | 2 | 1 |
| 7 | Sunnfjord og Sogn | Mo og Øyrane vidaregåande skule | 2 | Tømrer | | 1 | 2 | 3 |
| 8 | Nordfjord | Eid vidaregåande skule | 2 | Interiør og eksponeringsdesign | 0,5 | | 1 | 0,5 |
| 8 | Nordfjord | Eid vidaregåande skule | 2 | Frisør | 0,5 | | 1 | 0,5 |
| 8 | Nordfjord | Måløy vidaregåande skule | 2 | Kokk- og servitørfag | 1 | | 1 | 0 |
| 8 | Nordfjord | Stryn vidaregåande skule | 2 | Helsearbeiderfag | 1 | | 2 | 1 |
| 8 | Nordfjord | Stryn vidaregåande skule | 2 | Salg og reiseliv | 1 | | 1 | 0 |

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere ressursar tilsvarande ein klasse i perioden 1.mai til skulestart. Ressursane skal nyttast til å opprette ein ekstra klasse eller til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere inntektene frå gjesteelevane frå Møre og Romsdal i nærskuleområde 8 -Nordfjord. Vestland fylkeskommune får inntekt per elev som får skuleplass, og desse ressursane kan nyttast til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

Yrkesopplæringsnemnda syner til at det finns skular med linjer der dei har fleire søkjarar enn det er plass. I slike tilfelle, og når lærebedriftene går god for at dei vil følgje opp med læreplassar, meiner nemnda at det må opprettast nok plassar til å stette arbeidslivets behov.

Yrkesopplæringsnemnda konstaterer at det fleire stadar i fylket finns søkjarar til tilbod som arbeidslivet etterspør og har læreplassar til, men det er ikkje mange nok søkjarar til å oppretta klasse i eit nærskuleområde. Nemnda vil tilrå at det så langt råd etablerast halve eller kombiklassar, for å bidra til å dekke arbeidslivets behov. Viss slike klassar ikkje let seg gjennomføra, oppmodar nemnda til å undersøkja moglegheitene for å etablera 1+3 modellar, gjerne med eit digital tilbod på fellesfaga som gjer det enklare for lærlingar og verksemder i distrikta.

Nemnda meiner elles at det må starta eit meir langsiktig arbeid, særleg i samarbeid med dei bransjane som ikkje får nok lærlingar, for å gje betre informasjon om moglegheitene til ungdom som søkjer utdanning.

Nemnda er uroa for at påbygg til VG3 studieforberedande er justert opp. Det må i staden sikrast god informasjon til elevane og at det er rett kapasitet på VG4 for dei som har bestått fagbrev.

## PS 8/21 Uttale om søknad om landslinetilbod

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.

2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)

3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet frå 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.

2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)

3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet frå 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.

## PS 9/21 Prognoseinntaket - konsekvenser for nærskoleområdet Stor Bergen

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021**

Saka vart sett på sakskartet i møtet utan saksframlegg.

**Roger Pilskog, LO,** sette fram slikt forslag:

> «Yrkesopplæringsnemnda er nøgd med at behovet for auka kapasitet på yrkesfaga i Bergensområdet er synleggjort. For nemnda er det avgjerande at det ikkje byggjast opp tilbod i programfag som ikkje har nok læreplassar, og stør fylkesrådmann si vurdering om å byggja opp tilbod på Bygg og anleggsteknikk samt Teknologi og industrifag, som vi finn å vere i samsvar med arbeidslivets behov. Nemnda registrerer at dette skal finansierast innafor godkjent budsjettramme. Nemnda føreset at ikkje andre tilbod som arbeidslivet etterspør i resten av fylket kan verte råka.»

**Avrøysting**

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Yrkesopplæringsnemnda er nøgd med at behovet for auka kapasitet på yrkesfaga i Bergensområdet er synleggjort. For nemnda er det avgjerande at det ikkje byggjast opp tilbod i programfag som ikkje har nok læreplassar, og stør fylkesrådmann si vurdering om å byggja opp tilbod på Bygg og anleggsteknikk samt Teknologi og industrifag, som vi finn å vere i samsvar med arbeidslivets behov. Nemnda registrerer at dette skal finansierast innafor godkjent budsjettramme. Nemnda føreset at ikkje andre tilbod som arbeidslivet etterspør i resten av fylket kan verte råka.

**Referatsaker**
**RS 5/21 Covid-19 - statlege tilskot**

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/2704-10 |
| **Saksbehandlar** | Bekka Skaasheim |
| **Dato:** | 23.04.2021 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Yrkesopplæringsnemnda<br>Hovudutval for opplæring og kompetanse<br>Fylkesutvalet |
| **Frå:** | Fylkesdirektør opplæring og kompetanse |

# Covid-19 - statlege tilskot 2021

Vestland fylkeskommune har motteke statlege tilskot frå Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Norge for å følgje opp med tiltak som følgje av pandemien.
Fylkesdirektøren vil snarast setje i gang tiltak i tråd med føringar gitt i tildelingsbreva.
Fylkesdirektøren vil vurdere bruken av midlar fordelt på inneverande skuleår og neste skuleår, då dei tildelte midlane gjeld for heile 2021.
Under følgjer eit oversyn over tildelte midlar, målgupper og eksempel på tiltak.

## Nasjonale og fylkeskommunale tiltaksmidlar 2021

| TILTAK | 2020 | Overført-21 | 2021 | Til disp | målgruppe | Tiltak i vlfk 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre | 32 mill kr | 32 mill kr | 31,7 mill kr | 63,7 mill kr | Personar utan fullført vidaregåande opplæring, utan rett. Inga nedre aldersgrense med unntak av avgangskull. | 300 kandidatar, derav ca 100 i målgruppa. 60 stk skal få tilbod om stud.teknikk og digital kompetanse.<br>Styrke ordninga Fagbrev på jobb |
| Tilskot til tiltak for lærlingar | 22 mill kr | Ca 7 mill kr | 12,55 mill kr | 17,55 mill kr | Tiltak knytt til formidling til læreplass.<br>Tiltak knytt til arbeid med å rekruttere lærebedrifter.<br>Tiltak som stimulerer lokalt næringsliv eller opplæringskontor til å senke terskelen/redusere risikoen ved å ta inn lærlinger/praksisbrevkandidater/ lærekandidater<br>Tiltak som bidreg til at lærlingen/praksisbrevkandidaten/lærekandidaten får fullført læreløpet sitt i bedrift<br>Auka lærlingtilskot for lærlinger/praksisbrevkandidater/lærekandidater til bedrifter i bransjer som er hardt rammet av pandemien.<br>Tilbud om alternativ Vg3 i skole som alternativ til læreplass<br>Tilskotet skal ikkje nyttast til ordninga "Fagbrev på jobb". | Tiltak skal drøftast med Yrkesopplæringsnemnda.<br>Representantar for opplæringskontor skal involverast. |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fagbrev på jobb | 15,1 mill kr | | 5,1 mill kr | | Personar med og utan rett, og med praksis som kan kvalifisere seg til fagbrev | Auke talet på kontraktar. |
| Tiltak retta mot sårbare barn og unge | 4 mill kr | | 3,8 mill kr | | Målet med tilskotsordninga er å redusere elevane sin tapte progresjon i perioden skulane har vore stengt eller har hatt redusert opningstid grunna smittevernstiltak. Ordninga skal bidra til at det blir oppretta nye tilbod eller at allereie eksisterande tilbod vert utvida – til dømes intensiv opplæring, leksehjelp eller sommarskole. Midlane frå ordninga kan også nyttast til auka bruk av lærarar, miljøarbeidarar/sosiallærarar og andre tilsette på skulen som kan bidra til at elevane tek att tapt progresjon. | Søkbare midlar Kriterie: Omfang av heimeundervisning og tal dagar på raudt Individuelle tiltak, vore i karantene, språkvanskar, ikkje nyttegjort seg digital opplæring |
| Tilskot til fylkeskommunane for at årets avgangskull skal fullføre og bestå | 18,5 mill kr | 16,6 mill kr | 18,1 mill kr | 34,7 mill kr | «Midlene kan også brukes til å gi kompenserende opplæring for tapt undervisning som følge av pandemien for elever og lærlinger slik at de fullfører videregående opplæring i størst mulig grad.»<br><br>Hovedinnsatsen bør rettes mot årets avgangskull. Som det går av tildelingsbrevet, kan noko av midlane nyttast til sommarskule og anna kompenserande opplæring for tapt undervisning som følgje av pandemien. Det er viktig at midlane vert retta mot opplæringstilbod utover det ordinære tilbodet fylkeskommunane har plikt til å tilby. | Ekstra praksisopplæring for å kompensere for redusert YFF og verkstadopplæring. Eksamensførebuing Førebu NUS prøve Kvalifisering for opplæring i bedrift. |
| Yrkesfagleg rekvalifisering | | | 5,7 mill kr | | Personar med omstillingsbehov som allereie har studie- eller yrkeskompetanse med mål om varig tilknyting til arbeidslivet. Også dei som ikkje er motivert for høgare utdanning. Mogeleg å starte på ny yrkeskompetanse(fleire fagbrev) | |
| Krafttak for psykisk helse* | | | 20 mill kr | | | |
| Fullføring* | | | 12,9 mill kr | | | |

- * fylkeskommunale midlar

Vestland fylkeskommune

**OPK - Inntak, forvaltning, sluttvurdering**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/5963-3 |
| **Saksbehandlar** | Hege Bugge Gjerdevik Osebakken |
| **Dato:** | 28.04.2021 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Yrkesopplæringsnemnda |
| **Frå:** | Fylkesdirektør opplæring og kompetanse |

# Nye og godkjende lærebedrifter

Her følgjer oversikt over nye og re- godkjente lærebedrifter så langt i år.
Pr 28.04.21

**Opplæringskontor**
Det er registrert 18 nye sjølvstendige lærebedrifter (1 bedrift er ny godkjent i 3 fag) 13 bedrifter er re-godkjent eller har fått eit nytt fag

**Sjølvstendige lærebedrifter**
46 nye bedrifter registrert som medlem av opplæringskontor og 45 medlemsbedrifter er re-godkjent.

Vedlegg
1 Nye sjølvstendige lærebedrifter
2 Nye medlemsbedrifter

| UP | Org.nr | Bedrift | Lærefag |
|---|---|---|---|
| BA | 925570168 | 7 FJELL BYGGSERVICE AS | Malerfaget |
| SS | 984435096 | BEKKEN & STRØM AS AVD BERGEN | Salgsfaget |
| HS | 989005049 | BERGEN VITENSENTER AS | Barne- og ungdomsarbeiderfaget |
| SS | 989005049 | BERGEN VITENSENTER AS | IKT-servicefaget |
| SS | 989005049 | BERGEN VITENSENTER AS | Reiselivsfaget |
| TP | 917980667 | BLUESOLUTIONS AS | Industrimontørfaget |
| TP | 983938108 | DK BILSKADESENTER VEST AS AVD NYBORG | Bilskadefaget |
| BA | 925308919 | ESTATE EIENDOMSDRIFT AS | Byggdrifterfaget |
| RM | 933947815 | FINSE 1222 AS | Kokkfaget |
| BA | 919828005 | FLØYSAND TAK STORD AS | Tak- og membrantekkerfaget |
| HS | 962334059 | FURUHAUGANE BARNEHAGE SA | Barne- og ungdomsarbeiderfaget |
| SR | 825573372 | LAGUNEN DAGLIGVARE AS | Salgsfaget |
| SS | 979972660 | OPTIMAS ORGANISASJONSPSYKOLOGENE AS | IKT-servicefaget |
| BA | 960424646 | PODLEN VERKSTAD AS | Tømrerfaget |
| DH | 921703740 | SEES HÅRSTUDIO AS | Frisørfaget |
| BA | 913717910 | SENTER MUR AS | Murerfaget |
| SS | 925904937 | SOGNEKRAFT MOR AS | Salgsfaget |
| TP | 968678175 | STEN GRAVDAL TRANSPORT AS | Kran- og løfteoperasjonsfaget |
| BA | 922602794 | SVANEVIK VVS AS | Rørleggerfaget |
| TP | 979700121 | VIKING FJORD AS | Industrimekanikerfaget |
| DH | 826733942 | BJØRGVIN HÅRSTUDIO AS | Frisørfaget |
| SR | 920776205 | BUTIKKDRIFT HAUGE JØRGEN DEEM AS | Salgsfaget |
| BA | 925831778 | ENGEVIK & TISLEVOLL AS | Betongfaget |
| BA | 925831778 | ENGEVIK & TISLEVOLL AS | Tømrerfaget |
| BA | 925831778 | ENGEVIK & TISLEVOLL AS | Anleggsmaskinførerfaget |
| SS | 925775894 | EVJEN HANDEL KNARVIK AS | Salgsfaget |
| DH | 924607998 | FLOKE FRISØR AS | Frisørfaget |
| BA | 916577842 | GRØNN OVERFLATETEKNIKK AS | Industrimalerfaget |
| SS | 982220726 | METIS EDUCATION AS | IKT-servicefaget |
| RM | 924953373 | OSROSO AS | Kokkfaget |
| SS | 920731627 | PLAYWELL AS | IKT-servicefaget |
| TP | 925414379 | SEKKINGSTAD BIL AS | Bilfaget, lette kjøretøy |
| BA | 982943817 | STEINSBØ HUS AS | Tømrerfaget |
| SS | 920402038 | TORGERSEN DAGLIGVARER AS | Salgsfaget |
| BA | 925820873 | VEST NORSK BYGG AS | Tømrerfaget |
| BA | 925820873 | VEST NORSK BYGG AS | Tømrerfaget |

| Opprettet | Godkjenning | |
|---|---|---|
| 14.01.2021 | Ny bedrift | |
| 09.04.2021 | Ny bedrift | |
| 15.03.2021 | Ny bedrift | |
| 15.03.2021 | Ny bedrift | |
| 15.03.2021 | Ny bedrift | |
| 12.04.2021 | Ny bedrift | |
| 17.02.2021 | Ny bedrift | |
| 25.02.2021 | Ny bedrift | |
| 19.04.2021 | Ny bedrift | |
| 18.02.2021 | Ny bedrift | |
| 21.04.2021 | Ny bedrift | |
| 26.04.2021 | Ny bedrift | |
| 22.04.2021 | Ny bedrift | |
| 08.02.2021 | Ny bedrift | |
| 25.02.2021 | Ny bedrift | |
| 08.03.2021 | Ny bedrift | |
| 12.02.2021 | Ny bedrift | |
| 26.02.2021 | Ny bedrift | |
| 07.01.2021 | Ny bedrift | |
| 21.04.2021 | Ny bedrift | |
| 01.04.2011 | Nytt kurs | Re-godkjenning |
| 23.04.2021 | Nytt kurs | |
| 22.01.2021 | Nytt kurs | |
| 30.11.2011 | Nytt kurs | |
| 01.04.2011 | Nytt kurs | |
| 07.01.2021 | Nytt kurs | |
| 17.01.2013 | Nytt kurs | |
| 08.04.2021 | Nytt kurs | |
| 02.07.2015 | Nytt kurs | |
| 22.03.2021 | Nytt kurs | |
| 22.03.2021 | Nytt kurs | |
| 05.10.2013 | Nytt kurs | |
| 02.03.2021 | Nytt kurs | |
| 21.04.2021 | Nytt kurs | |
| 05.11.2010 | Nytt kurs | |
| 17.03.2010 | Nytt kurs | |

| UP | Org.nr | Bedrift |
|---|---|---|
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 976941993 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| BA | 954769615 | BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS |
| BA | 954769615 | BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS |
| BA | 954769615 | BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS |
| BA | 983160204 | BYGGOPP - OPPL.KTR. BYGG-OG ANL.TEKNIKK |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| NA | 982897246 | BØMLO OPPLÆRINGSKONTOR (BOK) |
| TP | 974683296 | FISKERIFAGLIG OPPLK FOR ROGALAND |
| NA | 980329216 | HANDALAG OPPLÆRINGSKONTOR |
| NA | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| TP | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| NA | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| BA | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| BA | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| BA | 975381714 | OPPL.KTR. FOR RØRL.FAGET I ROGALAND |
| SS | 874249122 | OPPL.KTR. FOR SUNNHORDLAND |
| TP | 874249122 | OPPL.KTR. FOR SUNNHORDLAND |
| TP | 979564678 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR FISKERI OG HAVBRUK |
| NA | 979564678 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR FISKERI OG HAVBRUK |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| SS | 914751209 | OPPLÆRINGSKONTORET AMB HORDALAND |
| RM | 914751209 | OPPLÆRINGSKONTORET AMB HORDALAND |
| TP | 914751209 | OPPLÆRINGSKONTORET AMB HORDALAND |
| BA | 984600399 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| BA | 984600399 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| EL | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| TP | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| RM | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| RM | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| SS | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| SS | 975844846 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR INDRE HORDALAND |
| BA | 871361592 | Opplæringskontoret for Nordhordland |
| SS | 917461171 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR SERVICE OG SAMFERDSEL I HORDALAND |
| SS | 917461171 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR SERVICE OG SAMFERDSEL I HORDALAND |
| SS | 917461171 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR SERVICE OG SAMFERDSEL I HORDALAND |
| BA | 974682257 | OPPLÆRINGSKONTORET I HARDANGER |
| TP | 980026655 | PRO-VESTLAND OPPLÆRINGSKONTOR |
| SS | 997023234 | SOGN OPPLÆRINGSKONTOR |

| | | |
|---|---|---|
| BA | 997023234 | SOGN OPPLÆRINGSKONTOR |
| RM | 968881280 | STIFTELSEN REISELIVETS OPPLÆRINGSSENTER |
| TP | 959334188 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| TP | 959334188 | BILBRANSJENS OPPLÆRINGSKONTOR AS |
| BA | 954769615 | BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS |
| BA | 954769615 | BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS |
| BA | 954769615 | BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS |
| BA | 983160204 | BYGGOPP - OPPL.KTR. BYGG-OG ANL.TEKNIKK |
| TP | 983160204 | BYGGOPP - OPPL.KTR. BYGG-OG ANL.TEKNIKK |
| BA | 983160204 | BYGGOPP - OPPL.KTR. BYGG-OG ANL.TEKNIKK |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| BA | 990895325 | Byggopp Vestland avd. Nord |
| SS | 913558693 | DIREKTORATET FOR FORVALTNING OG ØKONOMISTYRING OK STAT |
| DH | 981603362 | FRISØRFAGETS OPPL.KTR. |
| BA | 980329216 | HANDALAG OPPLÆRINGSKONTOR |
| TP | 962304362 | INDUSTRIENS FAGLIGE  OPPLÆRINGSSENTER |
| TP | 962304362 | INDUSTRIENS FAGLIGE  OPPLÆRINGSSENTER |
| NA | 991275371 | LIVE2LEARN FLERFAGLIG OPPLÆRINGSKONTOR |
| EL | 971588721 | OKEL Bergen & Omegn |
| BA | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| BA | 984438478 | OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| TP | 979564678 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR FISKERI OG HAVBRUK |
| TP | 979564678 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR FISKERI OG HAVBRUK |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| RM | 974695006 | OPPLÆRINGSKONTOR FOR HOTELL OG MATFAG |
| TP | 914751209 | OPPLÆRINGSKONTORET AMB HORDALAND |
| EL | 977197724 | Opplæringskontoret Elkraft |
| BA | 984600399 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE |
| EL | 974483874 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR ELEKTROFAG SOGN OG FJORDANE |
| EL | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| SS | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| RM | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| RM | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| SS | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| TP | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| SS | 986105174 | Opplæringskontoret for Forsvaret/vest |
| TP | 871361592 | Opplæringskontoret for Nordhordland |
| SS | 981150376 | OPPLÆRINGSKONTORET FOR TRANSPORTFAGENE I VEST |
| SS | 980026655 | PRO-VESTLAND OPPLÆRINGSKONTOR |
| BA | 976924320 | STIFTELSEN BLIKKENSLAGERMESTRENES OPPL.KTR. |

| Medlemsbedrift | Lærefag | Opprettet |
|---|---|---|
| HETLE AUTO ANR AS | Bilfaget, lette kjøretøy | 25.02.2021 |
| SKALA SKADE & LAKK AS AVD SANDANE | Billakkererfaget | 23.02.2021 |
| SKALA SKADE & LAKK AS AVD SANDANE | Bilskadefaget | 23.02.2021 |
| TRUCKNOR SOGN OG FJORDANE AS AVD VERKSTED SANDANE | Bilfaget, tunge kjøretøy | 06.04.2021 |
| TRUCKNOR SOGN OG FJORDANE AS AVD VERKSTED SOGNDAL | Bilfaget, tunge kjøretøy | 06.04.2021 |
| TRUCKNOR SOGN OG FJORDANE AS AVD VERKSTED STRYN | Bilfaget, tunge kjøretøy | 06.04.2021 |
| TRUCKNOR SOGN OG FJORDANE AS AVD VERKSTED ÅRDALSTANGEN | Bilfaget, tunge kjøretøy | 06.04.2021 |
| A GRØNSBERG AS | Betongfaget | 12.02.2021 |
| A GRØNSBERG AS | Tømrerfaget | 12.02.2021 |
| HINDENES BYGGMESTERFORRETNING AS | Tømrerfaget | 12.01.2021 |
| KRUSE SMITH ENTREPRENØR AS AVD BERGEN | Fjell- og bergverksfaget | 12.01.2021 |
| FIRDA BYGG AS | Betongfaget | 09.02.2021 |
| GANGDAL RØYRSERVICE AS | Rørleggerfaget | 07.04.2021 |
| HØYANGER RØR AS | Rørleggerfaget | 27.01.2021 |
| O D BYGG AS | Tømrerfaget | 08.02.2021 |
| OPTIMERA BYGGSYSTEMER AS AVD TYSNES | Tømrerfaget | 23.02.2021 |
| SOGN STILLAS OG SIKRING AS | Tømrerfaget | 15.03.2021 |
| VESTBYGG AS | Tømrerfaget | 19.01.2021 |
| FYLKESNES FISK AS | Akvakulturfaget | 07.04.2021 |
| EIDESVÅG AS | Matrosfaget | 24.02.2021 |
| FJORD DRIFT AS | Akvakulturfaget | 22.04.2021 |
| ANLEGGSGARTNER ELLINGSEN AS | Anleggsgartnerfaget | 05.02.2021 |
| K. HJELMELAND AS | Anleggsmaskinmekanikerfaget | 02.02.2021 |
| LØVIND HAGE AS | Anleggsgartnerfaget | 19.04.2021 |
| MOLDESTAD FJELLSPRENGNING AS | Fjell- og bergverksfaget | 13.04.2021 |
| TYSNES MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 13.04.2021 |
| HALLAND & FOSSE AS | Rørleggerfaget | 08.03.2021 |
| LIO SAG & TREFOREDLING AS | Salgsfaget | 23.02.2021 |
| NTD AS | Industrimekanikerfaget | 05.03.2021 |
| ORO TEAM AS | Matrosfaget | 11.02.2021 |
| STATT TORSK AS | Akvakulturfaget | 11.01.2021 |
| FABEL KAFÈ OG MOTELL AS | Kokkfaget | 18.03.2021 |
| FANA FARGE OG INTERIØR AS | Salgsfaget | 04.03.2021 |
| MIDTUN VEKST AS | Institusjonskokkfaget | 26.04.2021 |
| RASMUSSEN DEKKSENTER AS | Bilfaget, lette kjøretøy | 07.04.2021 |
| KÅRE HAALAND AS | Fjell- og bergverksfaget | 15.01.2021 |
| MOLDESTAD FJELLSPRENGNING AS | Fjell- og bergverksfaget | 13.04.2021 |
| SJØFORSVARET | Maritim elektrikerfaget | 19.02.2021 |
| SJØFORSVARET | Motormannfaget | 19.02.2021 |
| SJØFORSVARETS BASER SB | Institusjonskokkfaget | 23.02.2021 |
| SJØFORSVARETS BASER SB | Kokkfaget | 23.02.2021 |
| SJØFORSVARETS BASER SB | Kontor- og administrasjonsfaget | 23.02.2021 |
| NÆRINGSHAGEN PÅ VOSS AS | Reiselivsfaget | 25.02.2021 |
| NYHEIM BYGG AS | Tømrerfaget | 26.02.2021 |
| JS TRANSPORT AS | Yrkessjåførfaget | 13.04.2021 |
| THORSEN ELEKTROMARKED AS | Salgsfaget | 19.04.2021 |
| VEGARD ROGNE HOLDING AS | Yrkessjåførfaget | 07.04.2021 |
| NEDREVÅG AS | Tømrerfaget | 21.01.2021 |
| RAMCO NORWAY AS AVD FLORØ | Industrimekanikerfaget | 19.04.2021 |
| COOP NORDVEST SA AVD 413 COOP PRIX HERMANSVERK | Salgsfaget | 04.02.2021 |

| | | |
|---|---|---|
| T.N BYGG AS | Tømrerfaget | 19.04.2021 |
| SCANDIC VOSS | Kokkfaget | 07.04.2021 |
| ADAMS BILREPARASJONER AS | Bilfaget, lette kjøretøy | 20.01.2021 |
| REITANS BILVERKSTED AS | Bilfaget, lette kjøretøy | 22.03.2021 |
| ESPESETH BYGG AS | Tømrerfaget | 10.09.2019 |
| OVE LOSNEGÅRD SNIKKAR & BÅTBYGGJAR | Tømrerfaget | 03.03.2021 |
| SØRSIDA SAG AS | Tømrerfaget | 12.09.2019 |
| OPTIMERA BYGGSYSTEMER AS AVD TYSNES | Tømrerfaget | 24.02.2021 |
| PEAB ASFALT NORGE AS AVD BERGEN | Anleggsmaskinmekanikerfaget | 11.03.2021 |
| PEAB ASFALT NORGE AS AVD BERGEN | Asfaltfaget | 11.03.2021 |
| LAMMETUN BYGG FRODE BJARTE HAUGEN | Tømrerfaget | 15.10.2014 |
| SØRSIDA SAG AS | Betongfaget | 19.01.2016 |
| SØRSIDA SAG AS | Tømrerfaget | 13.02.2019 |
| SØRSIDA SAG AS | Tømrerfaget | 23.06.2011 |
| TG BYGGSERVICE AS | Tømrerfaget | 06.01.2021 |
| VEST POLITIDISTRIKT | Kontor- og administrasjonsfaget | 12.03.2021 |
| MARCEL FRISØR AS | Frisørfaget | 16.03.2021 |
| Entreprenør Arne Aalvik | Anleggsmaskinførerfaget | 19.03.2021 |
| CAMERON NORGE AS AVD MONGSTAD | Industrimontørfaget | 08.04.2021 |
| SCHLUMBERGER NORGE AS AVD BERGEN INTEGRATED LABORATORY | Laboratoriefaget | 27.04.2021 |
| TEINESKJÆR AS | Fiske og fangst | 08.04.2021 |
| HANSEN-ELEKTRO AS | Elektrikerfaget | 26.02.2021 |
| BRUNTVEIT MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 22.04.2021 |
| K. HJELMELAND AS | Anleggsmaskinførerfaget | 04.02.2021 |
| ANDREA L AS | Matrosfaget | 29.05.2019 |
| ANDREA L AS | Motormannfaget | 11.10.2011 |
| ERKETUNET GARDSBAKERI AS | Bakerfaget | 22.03.2021 |
| ERKETUNET GARDSBAKERI AS | Kokkfaget | 22.03.2021 |
| ERKETUNET GARDSBAKERI AS | Konditorfaget | 22.03.2021 |
| FØRDE HOTELL AS | Kokkfaget | 19.03.2021 |
| SUNNFJORD RESTAURANTDRIFT AS | Kokkfaget | 08.04.2021 |
| SUNNFJORD RESTAURANTDRIFT AS | Servitørfaget | 08.04.2021 |
| RASMUSSEN DEKKSENTER AS | Hjulutrustningsfaget | 08.04.2021 |
| ONECO ELEKTRO AS AVD LAKSEVÅG | Energimontørfaget | 16.04.2021 |
| GS-MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 15.04.2021 |
| LEIF LOTE AS | Elektrikerfaget | 09.09.2016 |
| SJØFORSVARET | Dataelektronikerfaget | 05.03.2021 |
| SJØFORSVARET | IKT-servicefaget | 23.02.2021 |
| SJØFORSVARET | Institusjonskokkfaget | 05.03.2021 |
| SJØFORSVARET | Kokkfaget | 05.03.2021 |
| SJØFORSVARET | Kontor- og administrasjonsfaget | 13.04.2021 |
| SJØFORSVARET | Matrosfaget | 05.03.2021 |
| SJØFORSVARET | Resepsjonsfaget | 05.03.2021 |
| CAMERON NORGE AS AVD MONGSTAD | Industrimontørfaget | 27.04.2021 |
| ODDA BETONG AS | Yrkessjåførfaget | 18.03.2021 |
| VIKSDALEN HANDEL AS | Salgsfaget | 19.03.2021 |
| HAMSTAD AS AVD BERGEN | Ventilasjons- og blikkenslagerfaget | 05.04.2011 |

| Medl.bedr.fra | Godkjenning |
|---|---|
| 25.02.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 06.04.2021 | Ny bedrift |
| 06.04.2021 | Ny bedrift |
| 06.04.2021 | Ny bedrift |
| 06.04.2021 | Ny bedrift |
| 12.02.2021 | Ny bedrift |
| 12.02.2021 | Ny bedrift |
| 12.01.2021 | Ny bedrift |
| 12.01.2021 | Ny bedrift |
| 09.02.2021 | Ny bedrift |
| 07.04.2021 | Ny bedrift |
| 27.01.2021 | Ny bedrift |
| 08.02.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 15.03.2021 | Ny bedrift |
| 19.01.2021 | Ny bedrift |
| 07.04.2021 | Ny bedrift |
| 24.02.2021 | Ny bedrift |
| 22.04.2021 | Ny bedrift |
| 05.02.2021 | Ny bedrift |
| 02.02.2021 | Ny bedrift |
| 19.04.2021 | Ny bedrift |
| 13.04.2021 | Ny bedrift |
| 13.04.2021 | Ny bedrift |
| 08.03.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 05.03.2021 | Ny bedrift |
| 11.02.2021 | Ny bedrift |
| 11.01.2021 | Ny bedrift |
| 18.03.2021 | Ny bedrift |
| 04.03.2021 | Ny bedrift |
| 26.04.2021 | Ny bedrift |
| 07.04.2021 | Ny bedrift |
| 15.01.2021 | Ny bedrift |
| 13.04.2021 | Ny bedrift |
| 19.02.2021 | Ny bedrift |
| 19.02.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 23.02.2021 | Ny bedrift |
| 25.02.2021 | Ny bedrift |
| 26.02.2021 | Ny bedrift |
| 13.04.2021 | Ny bedrift |
| 19.04.2021 | Ny bedrift |
| 07.04.2021 | Ny bedrift |
| 21.01.2021 | Ny bedrift |
| 19.04.2021 | Ny bedrift |
| 04.02.2021 | Ny bedrift |

| | |
|---|---|
| 19.04.2021 | Ny bedrift |
| 07.04.2021 | Ny bedrift |
| 14.01.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 09.04.2021 | Nytt kurs |
| 24.02.2021 | Nytt kurs |
| 11.01.2021 | Nytt kurs |
| 23.02.2021 | Nytt kurs |
| 04.03.2021 | Nytt kurs |
| 04.03.2021 | Nytt kurs |
| 18.01.2021 | Nytt kurs |
| 11.01.2021 | Nytt kurs |
| 11.01.2021 | Nytt kurs |
| 11.01.2021 | Nytt kurs |
| 20.04.2021 | Nytt kurs |
| 08.03.2021 | Nytt kurs |
| 28.01.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 07.04.2021 | Nytt kurs |
| 26.04.2021 | Nytt kurs |
| 08.02.2021 | Nytt kurs |
| 25.02.2021 | Nytt kurs |
| 21.04.2021 | Nytt kurs |
| 02.02.2021 | Nytt kurs |
| 04.03.2021 | Nytt kurs |
| 04.03.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 07.04.2021 | Nytt kurs |
| 07.04.2021 | Nytt kurs |
| 07.04.2021 | Nytt kurs |
| 12.02.2021 | Nytt kurs |
| 13.04.2021 | Nytt kurs |
| 27.04.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 19.02.2021 | Nytt kurs |
| 07.04.2021 | Nytt kurs |
| 17.03.2021 | Nytt kurs |
| 18.03.2021 | Nytt kurs |
| 14.04.2021 | Nytt kurs |

Vestland fylkeskommune

**OPK - Inntak, forvaltning, sluttvurdering**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/5963-4 |
| **Saksbehandlar** | Siglinde Marguerite Svare |
| **Dato:** | 28.04.2021 |

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

**Frå:** Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

# Status fagprøvegjennomføring

## Gjennomførte prøvar

I perioden frå 1. januar til 6. mai er det gjennomført  1221 fag-/sveineprøvar. 68 % av desse er kandidatar med kontrakt og 32 % praksiskandidatar. I same periode i fjor var det berre gjennomført 583 prøvar.  65,4 % har fått karakteren bestått, 26,6,% bestått mykje godt og 8 % ikkje bestått.

Gjennomførte prøvar fordelt på utdanningsprogram

| | Hittil i 2021 | Same tid i 2020 |
|---|---|---|
| Bygg- og anleggsteknikk | 258 | 104 |
| Design og handverk | 26 | 22 |
| Elektro og datateknologi | 265 | 251 |
| Helse- og oppvekstfag | 346 | 75 |
| Medium og kommunikasjon | 0 | 0 |
| Naturbruk | 52 | 18 |
| Restaurant- og matfag | 19 | 8 |
| Service og samferdsle | 122 | 61 |
| Teknologi- og industrifag | 133 | 44 |

## Oppmeldingar til  prøvar

Det er 2473 oppmeldingar som er sendt til prøvenemnd , 70% av desse gjeld kandidatar med kontrakt.

For kandidatar med kontrakt er fordelinga slik på utdanningsprogram:

| | |
|---|---|
| Bygg- og anleggsteknikk | 383 |
| Design og handverk | 43 |
| Elektro og datateknologi | 144 |
| Helse- og oppvekstfag | 374 |
| Medium og kommunikasjon | 0 |
| Naturbruk | 68 |
| Restaurant- og matfag | 51 |
| Service og samferdsle | 172 |
| Teknologi- og industrifag | 509 |

Det er 275 oppmeldingar frå kandidatar med kontrakt ikkje er handsama.. Dei fleste av desse har kontraktar med utløp etter 30. september. Det er omtrent 440 søknadar frå praksiskandidatar som ikkje er handsama, av desse har omtrent 60 % venta i meir enn 2 månadar.

### Dokumentasjon og melding om resultat

Det er skrive ut vitnemål eller kompetansebevis til omtrent 57 % av dei som har bestått fag-/sveineprøve i 2021. Av dei som ventar på dokumentasjon er det rundt 180 kandidatar med kontraktar som ikkje er slutt. Når prøvane er gjennomført blir det automatisk sendt ut brev med melding om resultatet til kandidatane.

## Oppsummering

Samla sett er statusen på dette feltet betre enn i fjor. Oppmeldingane frå kandidatar med kontrakt er stort sett godkjent mellom 2 og 4 månader før kontraktsslutt. Dei fleste kontraktane har utløp mellom juni og august, de er difor naturleg at det talet på prøvar som ventar hjå nemndene er høgt no. I nokre tilfelle har koronasituasjonen våren 2020 skapt eit etterslep som har ført til at kandidatane må vente på å få gjennomføre prøvar. Dette gjeld til dømes helsearbeidarfaget i Bergensområdet.

Seksjonen har prioritert kandidatar med kontrakt framfor praksiskandidatar. Det har ført til at sakshandsamingstida for denne gruppa har vore nærare eit halvt år. Som eit tiltak for å få ned sakshandsamingstida har vi i midten av april engasjert ein medarbeidar i ein ledig stillingsheimel som berre skal arbeide med praksiskandidatar. Dette tiltaka har vore vellukka, i løpet av dei tre siste vekene har denne medarbeidaren handsama omtrent 250 praksiskandidatar. I denne perioden kom det inn rundt 70 nye søknadar frå praksiskandidatar. Det betyr at vi no klarar å behandle fleire søknadar enn det som kjem inn. Det er difor realistisk å rekne med at sakshandsamingstida for praksiskandidatar i løpet av dei neste månadane vil kunne kome ned på eit akseptabelt nivå.

Vestland fylkeskommune

**OPK - Inntak, forvaltning, sluttvurdering**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/5963-5 |
| **Saksbehandlar** | Hege Bugge Gjerdevik Osebakken |
| **Dato:** | 28.04.2021 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Yrkesopplæringsnemnda |
| **Frå:** | Fylkesdirektør opplæring og kompetanse |

# Formidling til læreplass, prosess og status

## Overgang til lære og formidlings prosess

### 1. mars søknad vigo

Etter at søknadsfristen for å søke læreplass 1.mars er omme vert alle søkjarar formidla til dei bedriftene som har inngått intensjonsavtalar.
Det er i januar /februar innhenta intensjonsavtaler frå lærebedrifter og opplæringskontor. Vestland fylkeskommune foreslår tall intensjonsavtaler på bakgrunn av inntak av lærlingar dei siste 4 årene. Nytt av året er at bedrifter/opplæringskontor sjølv kan endre tall på intensjonsavtaler i vigobedrift.no

Søkjar til læreplass har moglegheit for å laste opp vedlegg som CV og sertifikat slik at bedriftene/opplæringskontorene kan sjå dette i vigobedrift.no, dette ser ikkje fylkeskommunen.

### 10 . mars søknadsoversyn, status søkjarar til læreplass

Skulane arbeider systematisk mot læreplass saman med eigne Vg2 elevar
RLT får liste over andre søkjarar med rett «overvintrarar»
Opplæringskontor/lærebedrifter hentar søkjarar frå VIGO bedrift.
Bedrifter og opplæringskontor registrerer i vigobedrift, når dei tilbyr ein søkjar læreplass. I fag der det er få søkjarar hjelper vi bedriftene med melding ut til potensielle søkjarar som «berre» har rett Vg1.

Pr 30.04 ser formidlingstala slik ut

| **Tall intensjons avtaler** | Ledige intensjon savtaler | Totalt tall søker | Søker utan tilbod | Søker fått læreplass i Vestland fylke | Fått lærekont rakt utan søker til læreplass i Vigo | Trekt søknad om læreplass | Stoppet fra annet fylke har fått lærekontr akt i heimfylke | Søker frå Vestland som har fått læreplass i annet fylke |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 4062 | 2755 | 33054 | 2026 | 961 | 344 | 2 | 11 | 54 |

### Mai - SMS til søkjarar Vg2

No hastar det, skaff deg læreplass som du ikkje har.
Ta kontakt med lærebedrifter der du har søkt.
Spør lærer om hjelp om du treng det.
Lykke til !»

SMS til søkjar utan avgjevarskule også kalla «overvintrar»

«No hastar det, skaff deg læreplass som du ikkje har.
Ta kontakt med lærebedrifter der du har søkt.
Oppsøk Rettleiingstenesta i området ditt om du treng hjelp.
https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/rettleiingstenesta/
Lykke til !»

**System for formidling**

Rektorane er i områdevise møte og i samla rektormøte orientert om systema læreplassrekneskap og formidlingsplan og at Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse arbeider målretta for ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring som er tett på eleven og lærlingen. Dei vidaregåande skulane er særs viktige i arbeidet med å bygge gode lag rundt elevane slik at dei får den beste opplæringa. Formidling til læreplass krev at skulen jobbar systematisk med mål om læreplass frå eleven sin fyrste dag i vidaregåande opplæring

For å støtte skulane i dette arbeidet har fylkesdirektøren bestemt at alle dei vidaregåande skulane frå hausten 2021 tek i bruk verktøya for formidling til lære, læreplassrekneskap og lokal formidlingsplan. Desse verktøya er nyttige for skulen i arbeidet med å sikre eleven overgang til lære, og systematikken verktøya gir må implementerast i skulen sitt årshjul.

Opplæring i læreplassrekneskapen vil kome før skulane tek ferie.

**10.mai, status søkjar læreplass og formidla til lære**

| **Totalt antall intensjons avtaler** | Ledige intensjonsavtaler | Totalt Antall søkere | Søkere uten tilbud | Søkere fått læreplass i Vestland fylke | Fått lærekontrakt uten søker til læreplass i Vigo | Trukket søknad om læreplass | Stoppet fra annet fylke har fått lærekontrakt i hjemfylke | Søkere fra Vestland som har fått læreplass i annet fylke |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 4078 | 2668 | 3058 | 1933 | 1098 | 376 | 4 | 20 | 67 |

**10. juli, status resultat tidleg formidling og ikkje kvalifiserte søkjarar**

Når karakterar for 2.termin er overført til fylkeskommunen og klagefristen er utgått tek ein ut dei ukvalifiserte søkjarane frå lista. Desse vert overført til RLT som lagar plan for kvalifisering. (ukvalifisert er søker som har IV eller meir enn 2 stryk i fellesfag, eller stryk i programfag)

Administrasjonen , v IFS overvakar kontinuerleg tall søker mot tall intensjonsavtaler for at vi tidlegast mogleg skal kunne planlegge for alt. vg3 i skole.

**10 .august, status**

Etter 1.august blir søker utan rett stoppa.
Alternativ Vg3 vurderast og det vert gjennomført møte med opplæringskontor.

Det har tidlegare blir sendt ut «meldekort» til alle søkjarar med ungdomsrett og voksen rett i midten av august. Søkjar som svarar her at dei ønskjer tilbod om Vg3 i skule vert tekne med vidare i prosess.

I lokal forskrift heter det: «Søkjarar som ikkje har fått læreplass innan 1. september vil få tilbod om Vg3 i skule. Tilbod om Vg3 i skule vert gitt i eit fag på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført.»
Se lokal forskrift her:
https://lovdata.no/dokument/LTII/forskrift/2019-05-23-2152

RLT får lister over søkjar utan tilbod om læreplass og arbeider opp mot opplæringskontor og lærebedrifter. « skreddarsaum»

1. **september, alternativ Vg3**

Tilbod om Vg3
RLT, arbeide med ukvalifiserte søkjarar, arbeid med siktemål for å kvalifisere, NUS
Vurdere alternativ opplæringsmodell, lærekandidat

**Oktober – november**
Skulane vil gjennom sitt læreplassrekneskap ha klart for seg kven av elevane som vil slite med å få læreplass komande vår, skreddarsaum vert sett i gang.

**Januar – februar**
RLT hjelper ungdom som ikkje er i opplæringsløp me då søkje på nyt ti Vigo innan 1.mars

Skulane har frå hausten 2021 implementer formidlingsplan med aktivitetar på system og individnivå slik at eleven er tilsettingsklar for opplæring i bedrift før utgangen av Vg2.

Vestland fylkeskommune

**Organisasjon og økonomi**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2020/70893-95 |
| **Saksbehandlar** | Berit Dianne Kilvær |
| **Dato:** | 12.05.2021 |

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

# Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen

Vedlagt PS 90/21 som var sak i fylkesutvalet 11.05.21.

Vestland fylkeskommune

**OPK - Administrasjon**
Saksframlegg

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2020/70893-90 |
| **Saksbehandlar:** | Susan Husabø, |

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | | 22.04.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 27.04.2021 |
| Fylkesutvalet | | 11.05.2021 |
| Fylkestinget | | 16.06.2021 |

# Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen

Forslag til innstilling

1. Hovedutval for opplæring og kompetanse løyver for 2021 kr. 4.095.000 til oppretting av inntil seks klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg1 teknologi og industrifag i Stor-Bergen. Det vert lagt til grunn at løyvinga vert dekka innanfor avdelinga sitt budsjett.
2. Løyvinga vil ha konsekvens for 2022 med kr. 4.905.000. Inndekning av dette vil bli handsama i budsjett 2022.

Samandrag

Auka søking til vg1 yrkesfag over tid har ført til mangel på skuleplassar på vg1 yrkesfag i Stor-Bergen over tid. Med 44 fleire primærsøkarar til eit vg1 yrkesfag i Stor-Bergen for skuleåret 2021/22 har det ikkje vore mogeleg å dekke behovet innafor tilgjengeleg klassekapasitet. I tillegg har den store auken i søking til vg1 skuleåret 2020/21, gitt utslag i større søking til vg2 til inneverande skuleår.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

**Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor Bergen**

Fylkesrådmannen viser til sak om justering av opplæringstilbodet skuleåret 2021/22 (saksnummer er ikkje klart ved skriving av denne saka). Mangelen på skuleplassar på vg1 yrkesfag i Stor-Bergen skuldast to faktorar:

- Fordeling av alle søkarane på sine nærskuleområde
- Auka søking til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

> Søking til vg1 etter nærskuleprinsippet har, i lag med auka søking til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, synleggjort underkapasiteten på skuleplassar i nærskuleområde 3, Stor-Bergen. Søkarane til vg1 i dette nærskuleområde utgjer 60 % av det samla søkartalet i Vestland fylkeskommune, men 56 % av plassane. Ser ein på yrkesfag aleine, har Stor-Bergen 54 % av søkarane og 50 % av plassane.

Større søking til yrkesfag har føregått over fleire år, men har i mindre grad blitt fanga opp med fritt skuleval enn no med nærskulemodell. Fylkesrådmannen gjorde i saka om lokal inntaksforskrift merksam på underdekning av skuleplassar i yrkesfag i Bergen,

> Skule- og tilbodsstrukturen i stor-Bergen er historisk sett bygd opp og dimensjonert med eksisterande mobilitet som grunnlag. Kapasiteten i Bergen må difor sjåast i samanheng med omlandskommunar. Det er isolert sett eit underskot på elevplassar på yrkesfag i Bergen kommune, som blir kompensert med plassar i omkringliggande kommunar. Tilsvarande er det stor overkapasitet på vg2 og vg3 studiespesialisering i Bergen.

**Inntaksområdet Stor Bergen utgjer i dag:**

**Nærskuleområde:** 3 Stor-Bergen

| Kommunar | Vidaregåande skular i nærskuleområde |
|---|---|
| Askøy | Amalie Skram, Arna, Bergen Katedralskule, Lakesvåg og Bergen maritime, Fyllingsdalen, Nordahl Grieg, Langhaugen, Olsvikåsen, Sandsli, Slåtthaug, Stend, Tertnes, Årstad, Åsane, Askøy, Sotra, Osterøy, Austevoll, Os, Os gymnas, Fusa |
| Austevoll | |
| Bergen | |
| Bjørnafjorden | |
| Osterøy | |
| Øygarden | |

Søkarar frå Bergen kommune får nærskulepoeng også til Knarvik vgs.

Til skuleåret 2019/20 var det 2070 primærsøkarar til yrkesfag til det som no er nærskuleområde Stor-Bergen. Til skuleåret 2020/21 var det 2257 primærsøkarar, dvs. ein auke på 187 søkarar. I fylkesrådmannen sitt framlegg til justering blei kapasiteten auka med 6 klasser, dvs. om lag 90 plassar.

Med 44 fleire primærsøkarar til eit vg1 yrkesfag i Stor-Bergen for skuleåret 2021/22 har det ikkje vore mogeleg å dekke behovet innafor tilgjengeleg klassekapasitet. I tillegg har den store auken i søking til vg1 skuleåret 2020/21, gitt utslag i større søking til vg2 til inneverande skuleår.

Tabellen under viser utvikling i tal plassar og søking for dei tre store utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk, teknologi- og industrifag og elektro og datateknologi som samla har underkapasitet. Oppsummert har søkinga auka gjennom fleire år medan plasstalet i all hovudsak har vore uendra.

| Stor-Bergen, vg1, ungdomsrett, ordinære klassar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Plasstal ved første inntak i juli kvart år | | | | Plasstal i fylkesdirektøren si tilråding |
| Utdanningsprogram | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| Teknologi og industrifag | 361 | 404 | 400 | 382 | 404 |
| Bygg- og anleggsteknikk | 283 | 281 | 271 | 286 | 300 |
| Elektro og datateknologi | 312 | 270 | 255 | 270 | 255 |
| **SUM** | **956** | **955** | **926** | **938** | **959** |

| Stor-Bergen, vg1 ungdomsrett, søkarar til ordinære klassar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Primærsøkarar med ungdomsrett per 3.mars | | | | |
| Utdanningsprogram | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| Teknologi og industrifag | 306 | 311 | 437 | 424 | 441 |
| Bygg- og anleggsteknikk | 288 | 264 | 249 | 253 | 276 |
| Elektro og datateknologi | 401 | 386 | 331 | 385 | 358 |
| **SUM** | **995** | **961** | **1017** | **1062** | **1075** |

Fylkesrådmannen har justert opplæringstilbodet gjennom å endre klassestrukturen på ulikt vis for å finne den kombinasjonen som best svarer til søkarane sine ønske. I alt er det produsert 6 prognoseinntak. Fylkesrådmannen har enda opp med å justere opp både vg1 og vg2. Til vg2 yrkesfag gjeld ikkje nærskuleprinsippet, men kapasiteten var for låg i det utlyste tilbodet, noko som betyr at det ikkje var tilstrekkeleg med plassar totalt sett.

Kapasiteten på vg1 yrkesfag i nærskuleområdet er i tilrådinga i sak om justering av opplæringstilbodet skuleåret 2021/22 auka med 5 klassar, om lag 75 plassar. Alle dei 75 plassane blir utnytta, men gjer seg i stor grad gjeldande med at søkarar som er tatt inn på eit lågare ønske i prognoseinntaket får plass på eit høgare tilbod. Dette er komplisert å sjå føre seg, men skuldast den dominoeffekten endringar i føresetnadane for inntak fører med seg.

Alle endringar i klassestrukturen utløyser dominoeffekt som er vanskeleg å sjå føre seg. Utganspunktet for skuleåret 2021/22 er 4754 søkarar med ungdomsrett til skulane i nærskuleområde Stor-Bergen. Alle desse må søke tre ulike utdanningsprogram, og kan søke inntil seks skular per utdanningsprogram. Ved ei kvar endring i klasse- og plasstal (auke eller reduksjon) som vert lagt inn som grunnlag for nye prognoseinntak, vil nokre søkarar «rykke opp» på søknaden sin, medan andre «rykker ned».

Fylkesrådmannen har forsøkt å tilpasse tilbodsstrukturen etter søkinga 1. mars. Etter prognoseinntaket som ligg til grunn for justeringssaka, er det framleis 289 søkarar med ungdomsrett til vg1 yrkesfag ved skulane i Stor-Bergen som so langt ikkje har fått plass.

Erfaringane frå tidlegare inntak er at ein god del søkarar takkar nei til tilbodet dei får i inntaksperioden. Kor mange som vil takke nei til plass for skuleåret 2021/22 er usikkert. Fylkesrådmannen har brukt erfaringstal for skuleåret 2020/21 over kor mange som takka nei til tilbodet som grunnlag for å estimere tal plassar det kan vere behov for. Tabellen viser kor mange klassar det vil vere behov for som ikkje er innanfor tilgjengeleg klassekapasitet.

| **Utd.prog.** | **Plasser** | **Klasser** | **Ledige plasser** | **Tatt inn** | **Utan tilbod etter 6.prognose - inntak** | **Tal "svart nei" til plass skuleåret 20/21** | **Estimert "utan tilbod" på grunnlag av "svart nei" 20/21** | **Estimert behov klassetal** | **Merknad** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygg- og anleggsteknikk | 300 | 20,0 | 0 | 300 | 45 | 19 | 26 | **3** | Kan gi tilbod til søkarar både til bygg- og anleggsteknikk og elektro og datateknologi |
| Elektro og datateknologi | 255 | 17,0 | 0 | 255 | 39 | 11 | 28 | | Bør ikkje auke på elektro og datateknologi, bransjen tydeleg på eksisterande overkapasitet i Stor-Bergen, bør gje tilbod i bygg- og anleggsteknikk og teknologi og industrifag. |
| Frisør,blomst,int,eksp.des | 60 | 4,0 | 0 | 60 | 20 | 7 | 13 | | |
| Helse- og oppvekstfag | 641 | 42,5 | 9 | 632 | 41 | 57 | 0 | | |
| Håndverk, design, produkt | 15 | 1,0 | 0 | 15 | 4 | 1 | 3 | | |
| IT og medieproduksjon | 45 | 3,0 | 0 | 45 | 25 | 2 | 23 | | |
| Naturbruk | 137 | 8,5 | 0 | 137 | 20 | 9 | 11 | | |
| Restaurant- og matfag | 102 | 7,0 | 0 | 102 | 6 | 10 | 0 | | |
| Salg, service og reiseliv | 167 | 11,0 | 0 | 167 | 17 | 27 | 0 | | |
| Teknologi- og industrifag | 404 | 26,5 | 9 | 395 | 72 | 28 | 44 | 3 | Kan gi tilbod til søkarar både til teknologi og industrifag og elektro og datateknologi |
| **Sum yrkesfag** | **2126** | **140,5** | **18** | **2108** | **289** | **171** | 118 | 6 | |

Estimatet syner at det vil vere om lag 120 søkarar utan tilbod om plass, med flest til teknologi og industrifag og elektro og datateknologi. Opplæringskontoret for elektrofag er svært tydelege på at det ikkje er rom for å auke opp kapasiteten, og då særleg ikkje på vg2 elenergi og ekom. Både opplæringskontor og bedrifter innanfor bygg- og anleggsteknikk og teknologi og industrifag melder om rekrutteringsbehov.

Fylkesrådmannen ulike alternativ for å møte underkapasiteten: Eitt alternativ er å vidaresende søkarane ut av eige nærskuleområde, dvs. tilby søkarane ein plass på ein skule dei ikkje har søkt til. Fylkeskommunen utnyttar då ledige plassar, men erfaringa er også at ein stor del av dei som får tilbod som fører til lengre reiseveg takkar nei til tilbodet dei får. Unnataket er søkarar som i løpet av inntaksprosessen får tilbod ved ein skule som ligg nærare heim. Fylkesrådmannen ser at konsekvensen av dreiing i søkarmønsteret frå studieførebuande til yrkesfag er vanskeleg å løyse på kort sikt. Ein stor reduksjon i bruk av vidaresending kan vere vanskeleg å løyse første året i ei tilpassing til nærskulemodell. Dette må løysast over lengre tid.

Til skuleåret 2020/21 var det til vg1 og vg2 totalt sett 224 søkarar som blei vidaresøkt. Av dei 224 var 55 % frå Bergen kommune og 16 % frå Askøy og Øygarden kommunar.

Fylkesrådmannen forstår det slik at basert på nærskuleprinsippet er vidaresøking ut av eige nærskuleområde ikkje eit ønskeleg grep. På den andre sida er det og har vore naudsynt å vidaresende for å utnytte kapasiteten i skule- og tilbodsstrukturen, og for å gi søkarane eit tilbod på eitt av tre søkte utdanningsprogram.

Å tilpasse tilbodsstrukturen etter ei dreiing i søkarmønster fleire år på rad frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram er krevjande, både med tanke på kapasitet i skulebygga og dei økonomiske konsekvensane. Når fylkesrådmannen no tilrår å opprette klassar, er det for å kome i møte noko av dreiinga mot yrkesfag og for at færre ungdomar skal bli vidaresøkt.

Fylkesrådmannen meiner det difor vil vere viktig og naudsynt å auke opp kapasiteten i desse utdanningsprogramma for også i kome i møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft.

Det er kapasitetsutfordringar på yrkesfaglege tilbod i skulane i stor-Bergen. Fylkesrådmannen er i prosess med skular som kan auke opp tilbodet, og må på kort sikt avklare kor det er kapasitet for eventuelle tilbod som blir finansiert gjennom denne saka. Dette vil vere avklara til handsaming i fylkestinget i juni 2021.

Fylkesrådmannen ber hovudutval for opplæring og kompetanse løyve kr. 4.095.000 for 2021til oppretting av inntil seks klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg1 teknologi og industrifag i Stor-Bergen. Som i 2020, legg fylkesrådmannen til grunn at avdelinga også vil ha innsparingar som følgje av korona-situasjonen i 2021. Det vert lagt til grunn at løyvinga vert dekka innanfor avdelinga sitt budsjett.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet har vedtakskompetanse til prioritere innanfor godkjend budsjettramme. Fylkestinget har vedtakskompetanse for kommande budsjettår.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**
Oppretting av inntil seks klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg1 teknologi og industrifag i Stor-Bergen har ein kostnad på kr. 4.095.000 for 2021.Det vert lagt til grunn at løyvinga vert dekka innanfor avdelinga sitt budsjett. Løyvinga vil ha konsekvens for 2022 med kr. 4.905.000. Inndekning av dette vil bli handsama i budsjett 2022.

**Klima:**

Ingen effekt.

**Folkehelse:**

Ein auke i klassetalet i tråd med innstillinga vil gi fleire søkarar tilbod om plass på vg1 og redusere tal vidaresendte søkarar. Det vil gjere at færre elevar må bu heime frå og kan gå på skule i eige inntaksområde.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ein auke i klassetalet på bygg- og anleggsteknikk og industri og teknologifag vil tilføre lokalt og regionalt arbeidsliv kompetanse.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ber fylkestinget løyve for 2021 kr. 4.095.000 til oppretting av inntil seks klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg1 teknologi og industrifag i Stor-Bergen . Det vert lagt til grunn at løyvinga vert dekka innanfor avdelinga sitt budsjett. Løyvinga vil ha konsekvens for 2022 med kr. 4.905.000. Inndekning av dette vil bli handsama i budsjett 2022.

Vestland fylkeskommune

**Organisasjon og økonomi**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/20150-1 |
| **Saksbehandlar** | Mari-Kristine Morberg |
| **Dato:** | 07.05.2021 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Hovudutval for opplæring og kompetanse, Yrkesopplæringsnemda, Vestland ungdomsutval, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne |
| **Frå:** | Mobbeombodet i Vestland, Mari-Kristine Morberg |

# Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule

Oppsummeringsrapporten om mobbeombodet sitt arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule i Hordaland i perioden 2015-2020 vert i denne saka lagt fram til orientering.

# Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule

Mobbeombodet i Hordaland, 2015-2020

Vestland
fylkeskommune

# Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule

## Kva har mobbeombodet sett gjennom fem år som ombod for elevar i vidaregåande opplæring i Hordaland?

Mobbeombodet i Hordaland starta opp i jobben i august 2015 som ein del av eit prøveprosjekt frå Utdanningsdirektoratet. Hordaland var eitt av fire fylke som var med i ordninga som varte i to år. Målgruppa til mobbeombodet i Hordaland var elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Det var ei ordning som spreidde seg til fleire fylke under prosjektperioden.

Våren 2017 vedtok Storinget at alle fylker skulle få tilbod om ei ny prøveordning. Frå august 2018 hadde tilnærma alle fylke mobbeombod på plass. Dette er eit spleiselag, der staten betaler for halve stillinga og fylkeskommunen betaler for den andre halve delen. For å vere med i den nyaste ordninga låg det til grunn eit nasjonalt mandat, i tillegg var det mogleg å gjere lokale tilpassingar. I samband med det nasjonale mandatet fekk Mobbeombodet i Hordaland også barn i barnehage og elevar i grunnskule som ein del av si målgruppe. Samstundes vedtok Fylkestinget i Hordaland at lærlingane ikkje lengre skulle vere ei del av målgruppa då dei fekk oppfølging frå elev- og lærlingombodet. I august 2018 kom og mobbeombodet i Sogn og Fjordane på plass. Mobbeombodet i Sogn og Fjordane hadde barnehagebarn og elevar i grunnskulen som si målgruppe (altså ikkje elevar i vidaregåande, då elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane hadde ansvar for desse).

I juni 2020 blei mandata for elev- og lærlingombodet og mobbeombodet i Vestland vedteke. Mobbeombodet si målgruppe er no barn i barnehage og elevar i grunnskulen. Mobbeombodet ønskjer difor å dele av si erfaring med skulemiljøsaker i vidaregåande skule med opplæringsavdelinga, skulane, politikarar og fylkesadministrasjon.

Bergen, 07.05.2021

Mari-Kristine Morberg
Mobbeombod i Vestland

## Tal frå elevundersøkinga

Prosentvis har tala på mobbing dei siste åra vore på mellom 3,9 (2019-2020) og 4,9 i Hordaland.

Elevane fortel at det meste av mobbinga skjer i klasserommet, men og andre stader på skulen og i tilknyting til skulen, til dømes på skulevegen. Fleire elevar på yrkesfag rapporterer om mobbing enn elevar på studieførebuande fag.

Kjønn har heile tida vore ein viktig faktor i mobbeombodet sitt arbeid. Gutar melder totalt om meir mobbing enn det jenter gjer gjennom elevundersøkinga (forsking viser òg det). Vi veit at når elevar svarer at dei blir mobba i elevundersøkinga viser dei først og fremst til trugslar og fysiske krenkingar.[1] Det kan bety at trugslar og fysiske krenkingar blir oppfatta som meir alvorleg av elevane, eller at det er det dei trur mobbeomgrepet sikter til. Ombodet har døme på at elevar ikkje alltid tenkjer på «baktaling» og «utestenging» som mogleg mobbing. Det kan i så fall tyde på ei underrapportering hjå jentene (og kanskje og på studieførebuande).

Elevundersøkinga syner og at jenter på «gutefag» er meir utsett og det same er gutar på til dømes «Helse og oppvekst». Sjå døme frå Vestland hausten 2020.

Mobbing på skolen, prosent
**2020/21**

| | Gutter | Jenter | Ukjent | Total |
|---|---|---|---|---|
| Bygg- og anleggsteknikk | 2,7 | 1,2 | | 2,5 |
| Design og håndverk | 0,0 | 2,2 | | |
| Elektro og datateknologi | 2,9 | 6,0 | | 3,1 |
| Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign | | 3,2 | | |
| Helse- og oppvekstfag | 4,8 | 2,3 | | 2,7 |
| Håndverk, design og produktutvikling | | 0,0 | | |
| Idrettsfag | 4,3 | 1,4 | | 2,9 |
| Informasjonsteknologi og medieproduksjon | 1,9 | | | |
| Kunst, design og arkitektur | 10,0 | 3,6 | | 4,9 |
| Medier og kommunikasjon (ME) | 5,7 | 7,3 | | 6,5 |
| Musikk, dans og drama | 2,2 | 1,6 | | 1,7 |
| Naturbruk | 4,8 | 2,4 | | 3,6 |
| Påbygging | 1,7 | 2,0 | | 1,9 |
| Restaurant- og matfag | 3,2 | 5,1 | | 4,1 |
| Salg, service og reiseliv | 2,8 | 2,3 | | 2,6 |
| Service og samferdsel | 6,5 | 4,8 | | 5,9 |
| Studiespesialisering | 1,8 | 1,9 | 8,3 | 1,9 |
| Teknologi- og industrifag | 5,5 | 3,2 | | 5,1 |
| Total | 3,3 | 2,3 | | 2,8 |

Legg merke til dei som ikkje har svara «gut» eller «jente» i undersøkinga. Vi veit ikkje kvifor dei har valt å ikkje svare på spørsmålet om kjønn, men om det er gjort fordi dei ikkje identifiserer seg med det eine

[1] Wendelborg (2016:x) https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/elevundersokelsen-2015_mobbing-krenkelser-og-arbeidsro-i-skolen_rapport.pdf

eller andre kjønnet, stemmer tala overeins med forsking om unge som bryt med normer for kjønnsutrykk og identitet – dei er meir utsette for mobbing. Her har det vore ei negative utvikling frå hausten 2019 til hausten 2020.

Desse tala er nyttige for skulane og skuleeigar når dei skal førebygge og sikre retten til eit trygt og godt miljø for alle elevane.

## Kva seier elevundersøkinga om å melde frå og få hjelp på skulen?




Tala er lagt saman frå Hordaland og Sogn og Fjordane hausten 2019. 68% av elevane som melder at dei blir mobba (306 elevar) seier at skulen ikkje visste det eller at skulen ikkje gjorde noko med det. Om ein legg til dei 12% som opplev at «det skulen gjorde ikkje hjelpte noko» er vi oppe i 80%. Berre 7% (20 elevar) opplevde at mobbinga stoppa. Totalt opplevde 20% (61 elevar) ei forbetring.

Dette er vesentleg kunnskap, som skulane og skuleeigar bør hente ut kvart år. Vi veit at elevar i liten grad fortel oss om det dei blir utsette for. Jo eldre elevane er, dess mindre fortel dei. Skulen har ei plikt etter kapittel 9A i opplæringslova å følgje med på korleis elevane har det.

Kva kan skuleeigar, skulane og tilsette gjere for å fange opp dei som blir utsett for mobbing og dei elevane som ikkje har eit godt psykososialt miljø?

På same måte er det vesentleg å sørgje for at når skulen veit at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, så må dei gjere noko med det og elevane må vite at skulen gjer noko.

## Utvikling tal førespurnadar til mobbeombodet i Hordaland

| Periode | Vidaregåande | Lærlingar | Grunnskule | Barnehage | Andre* | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Haust 2015** | 6 | 1 | 6 | 1 | 0 | 14 |
| **2016** | 25 | 2 | 6 | * | 4 | 37 |
| **2017** | 38 | 5 | 11 | * | 1 | 55 |
| **Vår 2018** | 18 | 2 | 12 | * | 4 | 36 |
| **2018-2019** | 34 | * | 135 | 7 | 15 | 191 |
| **2019-2020**** | 25 | * | 128 | 8 | 19 | 180 |
| **Totalt:** | **146** | **10** | 298 | 16 | 43 | 513 |

** Kategorien «andre» inneheld mellom anna fritid, konfirmasjon, saker tilbake i tid. Barnehage var inkludert i kategorien «andre» frå 2016-vår 2018, lærlingar blei inkludert i kategorien frå vår 2018.*

***Frå haust 2019 gjeld tala Hordaland og Sogn & Fjordane, frå januar 2020 er det tal for Vestland.*

Det er dei 146 førespurnadane frå vidaregåande skule ombodet no vil trekke fram. Det har generelt vore få saker når det gjeld lærlingar. Etter at Hordaland fekk elev- og lærlingombod, blei det færre saker, og etter at mandatet til mobbeombodet blei endra i 2018 og lærlingane ikkje var ein del av målgruppa, har dei blitt enda færre.

Dei få førespurnadane som gjeld lærlingar har vore grove saker, kor lærlingane har blitt utsette for svært uheldige arbeidsforhold og trakassering i bedrifta. Handteringa av sakene har heller ikkje alltid vore god. Elev- og lærlingundersøkingane viser og at lærlingar prosentvis er meir utsette i bedrift enn elevar er i skulen.

## Kva handlar førespurnadane i vidaregåande skule om?

Det første halvanna året kategoriserte ikkje mobbeombodet i like stor grad, - det var få saker og ombodet hadde oversikt over kva dei ulike førespurnadane gjaldt. Etterkvart som det kom fleire førespurnadar blei det nødvendig å dokumentere meir. I møte med både elevar, føresette og tilsette har ombodet gjennom desse fem åra bitt seg merke i at vi har svært mange enormt engasjerte og dyktige tilsette som arbeidar hardt kvar dag til elevane sitt beste. Men det er òg slik at dei tilsette til tider har vanskelege rammer å jobbe under.

Det har i stor grad vore same type saker som har gått igjen og ein kan gå tilbake å lese gjennom løypemeldingane og årsmeldinga til mobbeombodet. Her er ein kort presentasjon av dei seks største kategoriane av førespurnadar som har gått igjen frå august 2015 til juni 2020.

1. Den første og største dreier seg om det elevane blir utsett for, ulike type krenkingar, utfrysing, ekskludering, verbale krenkingar og trugslar, men også digitale og fysiske krenkingar. I omlag 10% av førespurnadar har dei digitale krenkingane vore hovudutfordringa. I dei andre er dei ofte ein del av bilete.

2. Den nest største kategorien handlar om korleis skulen handterer saka, til dømes brot på aktivitetsplikta. Ombodet ser brot på alle delpliktane. Fleire elevar og føresette kjennar på bagatellisering og mistenkjeleggjering i sakene og i kommunikasjonen med skulen.

3. Den tredje kategorien er saker som går på tilsette som krenker. I tillegg til klare overtramp, finst det fleire saker der dei vaksne blir opplevd som utrygg faktor i eit større bilete.

4. Den fjerde største kategorien handlar om elevar som har tidlegare erfaring med mobbing og som opplever utfordringar knyta til dette på vidaregåande. Denne kategorien heng også ofte saman med den femte kategorien.
5. inntak og overgang til vidaregåande skule.

6. Den sjette største kategorien handlar om utrygge klassemiljø, ofte i kombinasjon med mobbing eller krenkingar. Det kan vere tøff språkbruk eller intense konfliktar i gruppa.

Andre saker som går igjen og som tidlegare er nemnt i årsrapport/årsmelding er identitetsbasert mobbing (kjønnsidentitet, seksuell orientering og rasisme), krenkingar som går føre seg på tilrettelagte grupper, mobbing og ekskludering knyta til russetid (svartelister og russebuss), og elevar som på ingen måte ønskjer at skulen skal gjere noko med det som går føre seg.




Det er verdt å merke seg at det er fleire tilsette i skulen og støttesystema rundt  (totalt 64%) som tar kontakt med mobbeombodet enn elevar og føresette. Det kan henge saman med at mobbeombodet ikkje har vore godt nok kjent blant elevar og føresette, men det kan òg vitne om eit behov for tilsette i dei vidaregåande skulane og støttesystemet for nokon å drøfte/tenkje høgt saman med i desse komplekse sakene.

## Vestland fylkeskommune sine langsiktige målsettingar for utvikling av den  vidaregåande opplæringa

Som mobbeombod for elevar i vidaregåande opplæring i Hordaland dei siste fem åra, meiner sjølvsagt ombodet at læringsmiljø bør vere topp-prioritert i den vidaregåande opplæringa i Vestland.

Mobbeombodet meiner det er klokt at mål- og strategiplanen for den vidaregåande opplæringa tar utgangspunkt i trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap som eit av hovudområda for å nå ei heilskapleg opplæring med høg kvalitet.

Ombodet støttar at vennskap og relasjonar til jamaldrande og lærar er vesentleg i dette arbeidet. Det same gjeld klasseleiing, elevsynet, normer og kultur på skulen. Dette blir særs viktig når ein ser at ein del tiltak i skulemiljøsaker blir opplevd  som ekskluderande for eleven, og at skulen blir ein del av problemet framfor ein del av løysinga. Mobbeombodet håpar prioriteringa òg blir synleg i kompetansehevingsplanen for dei neste fire åra. I perioden 2020-2024 når ein systematisk skal kartlegge kompetansebehov, tilrår ombodet at ein særleg etterspør relasjonskompetanse og kunnskap om fellesskapande undervisning. Dette bør og inn i dei ulike faglege nettverka som viktige punkt.

## Skuleeigar sitt ansvar etter § 13-10 i opplæringslova

«Kommunen/fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast».

Skuleeigar sitt ansvar er stort. Kvart år må ein stille spørsmål om kva dette ansvaret inneber.
- Kva vil § 13-10 seie for Vestland fylkeskommunen når det gjeld retten til eit trygt og godt skulemiljø?
- Kva betyr nødvendige ressurser, kompetanse, ferdigheiter, nok personale, nok pengar og tid for Vestland fylkeskommune?

Jamfør rutinane for «systematisk arbeid etter § 9A-3», skal fylkeskommunen legge til rette for at skulane får tilbod om kurs/kompetanseheving, i tillegg til å støtte skulane og gje råd.  Korleis ligg ein an med arbeidet i dag? Er alle tilsette i skulen trygge på kva deira rolle er når dei får kjennskap til ei skulemiljøsak? Veit dei kva dei skal sjå etter for å fange opp elevar som ikkje har det bra? Korleis sikrar fylkeskommunen handteringskompetanse hos alle tilsette? Korleis sikrar fylkeskommunen at alle elevar og føresette får informasjonen dei har krav på? Ligg det god, tydeleg og lett tilgjengeleg informasjon på alle skular sine nettside? Per i dag finn ein det ikkje på vlfk.no (men er det under arbeid?).

## Mobbeombodet tilrår følgjande for dei langsiktige målsettingane

Frå 2015 og fram til i dag har ombodet trekt fram saker som går igjen. Ombodet har og i dei seinare åra peika på generelle utfordringar og lagt fram forslag/tilrådingar om korleis fylkeskommunen kan løyse desse. Nokre av tilrådingane blei gjennomførte i Hordaland, andre blei vedteke, men ikkje gjennomførte. Kva som er på plass i Vestland fylke og kva ein planlegg å jobbe vidare med, har ikkje mobbeombodet full kjennskap til.

Her er nokre av tilrådingane ombodet har løfta fram som moglege svar på utfordringane i førespurnadane.

1) Systematisk kompetanseheving for alle tilsette, gjerne skulebasert
- Relasjonskompetanse og ferdigheitar
- Korleis bygge trygge og gode klassemiljø
- Kunnskap og ferdigheiter innan inkluderande undervising (fellesskapane didaktikk)
- Kunnskap om gruppedynamikk
- Kunnskap og ferdigheiter etter pliktene i kapittel 9A
- Kunnskap om samarbeid med heimen, på systemnivå og i vanskelege enkeltsaker

2) Ei gruppe på kvar skule med ekspertkompetanse på undersøking, analyse og tiltak som kan støtte den enkelte lærar og tilsett i jobben med skulemiljø. Gruppa må få jamleg fagleg påfyll og høve til å trene.

3) Eit (eller fleire regionale) innsatsteam med spisskompetanse som kan støtte skulen i arbeidet med komplekse saker, gjerne som ein del av PPT og rettleiingstenesta.

4) Leiarar må få meir handteringskompetanse og støtte i arbeidet med § 9A-5 saker (vaksne som krenker). Dette er krevjande saker for skulane, mobbeombodet har ofte blitt kontakta for råd.

5) Lett tilgjengeleg informasjon på nettsidene. Mange elevar (og lærlingar) kjenner ikkje til rettane sine. Fylkeskommunen må sørgje for at alle skular har oppdaterte informasjonssider om rettane og kva elevar kan forvente av skulen i skulemiljøsaker. Skulane kan gjerne lenke til ei felles side på www.vlfk.no. Lærlingane treng og meir informasjon om sine rettar.

6) Eigne personar med ansvar for skulemiljø, kap. 9A og det interne kvalitetssystemet på dette området i fylkesadministrasjonen. Dei må mellom anna sikre at gjennomføring av risikobaserte tilsynsbesøk kan bli gjennomført. Personane må få tilstrekkeleg tid og kapasitet til å jobbe med dette.

7) Tydeleg informasjon for tilsette i fylkeskommunen om kvar dei skal melde frå når dei er uroa for leiinga si handtering av 9A-saker.

vestlandfylke.no

**Politiske saker**
**PS 10/21 Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune

**OPK - Administrasjon**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/16092-2
**Saksbehandlar:** Susan Husabø

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 10/21 | 19.05.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 25.05.2021 |
| Fylkesutvalet | | 01.06.2021 |
| Fylkestinget | | 16.06.2021 |

# Foreningen Danielsen intensivgymnas - søknad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland stiller seg positive til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.

2. Den planlagde kapasiteten i bygg- og anleggsteknikk og naturbruk vil ikkje ha store negative konsekvensar for tilboda i den offentlege skulestrukturen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Stiftelsen Danielsen skoler har søkt Utdanningsdirektoratet om å få etablere ein kristen friskule innan bygg- og anleggsteknikk (BA) og naturbruk (NA). Av søknaden går det fram et dei har søkt om 65 plassar i BA fordelt på vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg2 betong og mur og vg2 tømrar. I utdanningsprogrammet NA er det søkt om 30 plassar, fordelt på vg1 naturbruk og vg2 akvakultur. I møte med fylkeskommunen 15.1.2021 orienterte skulen om planane og aktuell lokalisering. I etterkant av møtet har fylkesrådmannen vore i kontakt med skulen for å høyre kva tankar dei har om oppstart og opplæring i bedrift, gjennom YFF og læreplassar.

Aktuell lokalisering for bygg- og anleggsteknikk er Bergen sentrum. For naturbruk vil det vere aktuelt med teoridelen av opplæringa i sentrum, medan for programfaga og yrkesfagleg fordjuping (YFF) vil opplæringa skje ute i bedrifter og oppdrettsanlegg.

Vertsfylket har rett til å uttale seg om søknaden før Utdanningsdirektoratet fattar vedtak i saken, jf. friskolelova § 2-1 første ledd. Ved vurderinga av kva konsekvensar ei godkjenning etter friskulelova vil få for den offentlege skulestrukturen, vil det kunne være relevant å legge vekt på uttalen frå vertsfylket.

Frist for uttale er 23.juni 2021

### Vurderingar og verknader

Stiftelsen Danielsen ønsker å etablere yrkesfagtilbod for å gje tilbod til elevar som ønsker å gå på skule med kristent verdigrunnlag, men ikkje eigentleg ønsker å gå studiespesialisering. Dei ser difor føre seg at ein del aktuelle søkarar allereie er av dei som uansett ville søke seg til Danielsen. Skulen opplyser at dei er blitt kontakta av bedrifter innanfor både bygg- og anleggsteknikk og naturbruk som ønsker at dei etablerer seg. Desse bedriftene vil stille med praksis- og læreplassar. Skulen opplyser at dei er opptekne av å starte forsiktig opp med ein klasse bygg- og anleggsteknikk, for å vere sikre på at dei har tilstrekkeleg tal praksis- og læreplassar til elevane. I naturbruk er det søkt om berre ein klasse, og skulen vil satse berre på vg2 akvakultur, der dei også har kontaktar ved aktuelle bedrifter.

Dei tre utdanningsprogramma elektro og datateknologi, teknologi og industrifag og bygg- og anleggsteknikk er vala til svært mange søkarar, og med ulik prioritering mellom dei tre. Bygg- og anleggsteknikk har dei seinaste åra ikkje vore det utdanningsprogrammet med flest primærsøkjarar av dei tre, men dei ulike områda i bransjen melder tydeleg om arbeidskraftbehov. Det er dei 8 skulane Arna, Askøy, Laksevåg og Bergen maritime, Knarvik*, Os, Slåtthaug, Sotra, og Åsane vgs som har tilbod innan byggfaga i Stor-Bergen. Knarvik vgs høyrer til inntaksområde 4, men søkjarar frå Stor-Bergen får nærskulepoeng til Knarvik vgs. Samla har søkinga til dei tre utdanningsprogramma auka med i overkant av 100 søkarar i stor- Bergen sidan 2017.

Som fylkesrådmannen viste i sak om «Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22», (sak 19/21 i hovudutval for opplæring og kompetanse) er det langt fleire søkarar til yrkesfag frå søkarar i stor- Bergen, enn den ordinære kapasiteten gir plass til. Det er behov for å ta i bruk alle mogelege utvidingar for å gi søkarane i nærskuleområde plass i eit av tre søkte utdanningsprogram.

Danielsen har ikkje landa på konkret lokalisering av praksis- og programfagopplæring i utdanningsprogrammet naturbruk. I fylkeskommunal regi er det Austevoll vgs og Fusa vgs i sør og Måløy vgs i nord som har tilbod om akvakultur per no. Bømlo vgs tilbyr naturbruk frå hausten 2022. Med den rivande utviklinga det er i havbruksnæringane, oppdrett av nye artar mm, reknar ein med at det vil vere rom for etableringar både ved fylkeskommunale og friskular.

Etablering av nye skuletilbod i Bergen sentrum har ofte som konsekvens at det kjem søkjarar frå heile stor-Bergen til det nye tilbodet. På den måten kan utviding i Bergen sentrum føre til at tilboda i resten av inntaksområdet får færre søkjarar. Oppretting av desse yrkesfaga ved Danielsen kan føre til at det forsvinn nokre søkjarar frå dei fylkeskommunale tilboda. Kapasiteten i nærskuleområdet er likevel mindre enn den samla søkinga til yrkesfag.

Elevtalsutvikling
I følgje SSB sine elevtalsprognosar for Bergen kommune, vil talet på 16-18 åringar auke ganske mykje de kommande åra, fram til 2027. Denne auken vil skje på kostnad av kommunane i distriktsdelane av fylket, medan kommunane rundt Bergen ser ut til å få stabilt tal 16-18 åringar i same perioden. Frå 2028 er prognosen at gruppa 16-18 åringar vil gå ned igjen. Fylkesrådmannen har sett på SSB-tal for medium innvandring og låg innvandring, og begge alternativa gir same bildet, ein auke i tal elevar som skal inn i vidaregåande opplæring.

Det er stor differanse mellom SSB si prognose for 16-åringar og tal frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) per skuleåret 20/21. Særleg sidan SSB sine tal for 2022 ligg langt over talet for 9. klasse i Bergen kommune, er det grunn til å stille spørsmål om sentraliseringa dei kommande åra blir så stor som SSB kjem fram til. GSI-tala viser elevar som per no går i grunnskulen i Bergen kommune, og sjølv om dei ligg lågare enn SSB, ser ein at talet elevar som går ut av grunnskulen vil auke dei kommande åra.

| År | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** | **2029** | **2030** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SSB ( MMMM) | 3104 | 3070 | 3144 | 3108 | 3245 | 3211 | 3229 | 3125 | 3125 | 3042 |
| SSB ( MMML) | 3100 | 3063 | 3134 | 3096 | 3230 | 3194 | 3209 | 3102 | 3100 | 3013 |
| GSI 20/21 | 2776 | 2821 | 2762 | 3029 | 3025 | 3020 | 2907 | 2893 | 2863 | 2864 |

**Vedtakskompetanse**

Fylkestinget har vedtakskompetanse.

**Økonomi:**
Når det vert oppretta friskuleplassar, vert rammetilskotet til fylkeskommunen redusert. I grønt hefte til statsbudsjettet for 2021 er trekkordninga og korreksjonsordninga for elevtal i private og statlege skular beskrive. Tabell A-fk , D-fk og E-fk, viser dei økonomiske konsekvensane av private og statlege elevplassar.

Dersom ein legg til grunn at utvidinga av elevtalet på Danielsen er einaste endring, vil etablering av nye plassar ha ein kostnad på kr 105 000 pr plass. Ei etablering av 95 plassar vi då gje ei reduksjon i rammeoverføringa til Vestland fylkeskommune på om lag 10 mill. kr.

Danielsen meiner at deira tilbod kan rekruttere nokre søkjarar frå andre fylke enn Vestland. Det kan føre til at reduksjonen i rammetilskotet vert mindre, då korreksjon for elevtal i private og statlege skular tek utgangspunkt i heimfylke.

**Klima:**
Ikkje relevant.

**Folkehelse:**
Som for utvikling/utviding av andre tilbod i vidaregåande opplæring vil denne kunne gje aktuelt skuletilbod nærare heimstaden og i større grad i tråd med søkarane sine ønske. Det er faktorar som påverkar livskvaliteten.

**Konklusjon**
For stor-Bergen vil elevtalsutvikling vere aukande dei neste åra, anten ein bygger på GSI-tal eller SSB sine prognosar.

På grunnlag av:
- Aukande elevtalsutvikling
- Ønske om framleis auke i søking til yrkesfaga
- Pressa kapasitet ved fylkeskommunale skular i Bergen,

ser ikkje fylkesrådmannen at etablering av 65 plassar i bygg- og anleggsteknikk og 30 plassar i naturbruk vil få store negative konsekvensar for den fylkeskommunale tilbodsstrukturen. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget støttar etablering av yrkesfag ved Stiftelsen Danielsen.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/6016-2
**Saksbehandlar:** Bekka Skaasheim

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 11/21 | 19.05.2021 |

# Mandat for yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval

Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Arbeidsutvalet skal fremje fag- og yrkesopplæringa utan at yrkesopplæringsnemnda si rolle vert svekka. Arbeidsutvalet kan opptre på nemnda sine vegner i saker som ikkje er prinsipielle og i aktuelle saker fastsett av nemnda.

2. Vere i dialog med opplæringskontor/ lærebedrifter og arbeidslivet.
Førebu og gi innstilling til nemnda i større saker.
Arbeide særskilt med dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa.
Gi råd til sekretariatet om kvalitetsutvikling og prioriteringar.

3. Yrkesopplæringsnemnda kan til ei kvar tid vurdere kva oppgåver som skal leggast til arbeidsutvalet.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim
ass. fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

Yrkesopplæringsnemnda gjorde slikt vedtak i , sak 2021/5:

1. Yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval.
2. Det etablerast eit arbeidsutval i Yrkesopplæringsnemnda. Nemnda føreset at leiar og nestleiar er i utvalet, og har følgjande medlemer frå LO (Roger Pilskog, leiar), NHO (Ove Kjøllesdal, nestleiar) og KS (Sølvi Olrich Sørbø, medlem).
3. Forslag til mandat vert tatt opp på neste møte i nemnda.

**Mandat for Yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval.**

Yrkesopplæringsnemnda nemner opp arbeidsutval der arbeidsgivar og arbeidstakarsida er representert. Nemnda føreset at leiar og nestleiar er i utvalet.
Arbeidsutvalet skal ha representasjon frå arbeidstakar og arbeidsgivarsida. Medlemer i arbeidsutvalet skal veljast mellom medlemer i yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda utarbeider mandat for arbeidsutvalet.
Arbeidsutval:
Roger Pilskog, LO
Ove Kjøllesdal, NHO
Sølvi Olrich Sørbø, KS

Oppgåver:
Arbeidsutvalet skal fremje fag- og yrkesopplæringa utan at Yrkesopplæringsnemnda si rolle vert svekka. Arbeidsutvalet kan opptre på nemnda sine vegner i saker som ikkje er prinsipielle og i aktuelle saker fastsett av nemnda.

- Vere i dialog med opplæringskontor/ lærebedrifter og arbeidslivet.
- Førebu og gi innstilling til nemnda i større saker.
- Arbeide særskilt med dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa.
- Gi råd til sekretariatet om kvalitetsutvikling og prioriteringar.

Yrkesopplæringsnemnda kan til ei kvar tid vurdere kva oppgåver som skal leggast til arbeidsutvalet.

Vedtakskompetanse
Yrkesopplæringsnemnda

Konklusjon
Fylkesdirektøren legg med dette fram tilråding om mandat for arbeidsutvalet.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/5963-2
**Saksbehandlar:** Bekka Skaasheim

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 12/21 | 19.05.2021 |

# Tiltak for lærlingar og lærekandidatar - statleg tilskot 2021.

Fylkesdirektøren rår Yrkesopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesdirektøren tildeler, etter søknad, midlar til opplæringskontor og lærebedrifter etter desse kriteria:

   a) Forlenging av lære- og opplæringskontrakter.
   b) Stimuleringsmidlar til godkjente bedrifter som tek over lærlingar frå andre.
   c) Tilskot til lærebedrifter som tek inn ein ekstra lærling/lærekandidat.
   d) Utprøving av kandidatar med ulike utfordringar for å skaffe seg læreplass/ opplæringsplass (minoritetsspråklege) Utprøving i inntil to månader.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim
ass. fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

Utdanningsdirektoratet har tildelt Vestland fylkeskommune

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskot til tiltak for lærlingar | 22 mill kr | Ca 7 mill kr | 12,55 mill kr | 17,55 mill kr | Tiltak knytt til formidling til læreplass.<br>Tiltak knytt til arbeid med å rekruttere lærebedrifter.<br>Tiltak som stimulerer lokalt næringsliv eller opplæringskontor til å senke terskelen/redusere risikoen ved å ta inn lærlinger/praksisbrevkandidater/ lærekandidater<br>Tiltak som bidreg til at lærlingen/praksisbrevkandidaten/lærekandidaten får fullført læreløpet sitt i bedrift<br>Auka lærlingtilskot for lærlinger/praksisbrevkandidater/lærekandidater til bedrifter i bransjer som er hardt rammet av pandemien.<br>Tilbud om alternativ Vg3 i skole som alternativ til læreplass<br>Tilskotet skal ikkje nyttast til ordninga "Fagbrev på jobb". | Tiltak skal drøftast med Yrkesopplæringsnemnda. Representantar for opplæringskontor skal involverast. |

Vedtakskompetanse

Utdanningsdirektoratet stiller i tildelingsbrevet krav om at innretninga på bruk av midlane skal drøftast med yrkesopplæringsnemnda.

Konklusjon

Fylkesdirektøren har i si førebuing gjennomført drøftingar med representantar for opplæringskontora og bygger si tilråding på innspel frå denne drøftinga.

Vestland fylkeskommune

**OPK - Administrasjon**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2020/41026-5
**Saksbehandlar:** Stig Arne Vestøl Aasland

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 13/21 | 19.05.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 25.05.2021 |
| Fylkesutvalet | | 01.06.2021 |

# Fagbrev på jobb

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet styrker ordninga fagbrev på jobb ved å omdisponera 5. mill. kr. frå tilskotsordninga *Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre* til fagbrev på jobb . Søkarar som er permitterte, eller står i fare for å bli permitterte vert prioritert.

### Samandrag

Gjennom ulike statlege tilskot kan fylkeskommunen opne opp for at fleire kan søka på ordninga fagbrev på jobb gjennom å omdisponera midlar. Ordninga er etterspurt i arbeidslivet og vil hjelpa bedrifter og tilsette som er råka av koronakrisa.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bekka Skaasheim
ass. fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksutgreiing**

I fylkesutvalet 26.11.20 i PS 223/20 punkt 2 vert det vedteke følgjande: *Fylkesutvalet ber om ei ny sak som svarer ut vedtaket i Fylkesutvalet 26.03.2020 om drøfting med partane i arbeidslivet. Konsekvensen av å auke tilbodet med « Fagbrev på jobb innanfor dei gjeldande budsjettrammene må synleggjerast og ulike alternativ må drøftast.*

I fylkesutvalet 26.03.2020 PS 45/20 vart det gjort følgjande vedtak: *Fylkesutvalet ber om at ordninga «Fagbrev på jobb» vert drøfta med partane i arbeidslivet. Ei ytterlegare satsing på denne ordninga må bli vurdert opp mot andre kompetansepolitiske tiltak, spesielt i lys av den alvorlege situasjonen som no er i arbeidsmarknaden. Fylkesrådmann skal koma attende til fylkesutvalet i tertial om finansiering og prioritering av kompetansepolitiske tiltak.*

Kort historikk
I fylkesutvalet 26.3.2020 vart det i sak PS 45/2020 gjort følgjande vedtak: *Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb i påvente av fylkesrådmannen si oppdaterte tilråding.* I fylkesutvalet 26.11.20 sak 223/2020 og melding 121/2020 i fylkesutvalet 10.12.2020 vart det vist til at fylkeskommunen har fått tilført statlege midlar som er øyremerka fagbrev på jobb, samt lovnad gjennom statsbudsjett for 2021 om vidareføring av tilskotet. Det er difor godkjent kontraktar etter fylkesutvalets vedtak 26.3.2020. I referatsak til yrkesopplæringsnemnda 16.2.21 gjorde fylkesdirektøren greie for status når det gjeld økonomi og sakshandsaming innan ordninga for Y-nemnda og representantar frå opplæringskontora.

På bakgrunn av tilførte midlar frå Kompetanse Norge har fylkeskommunen høve til å etterinnmelde 80 kontraktar som vart sendt inn før ordninga vart stoppa av fylkeskommunen, samt ta inn 15 nye.

I same melding vart det skissert opp to forslag for å kunne auke bruken av ordninga

- **Krav om arbeidspraksis**
  I omtala av ordninga skriv Udir blant anna følgjande: «Fylkeskommunen har ikke en plikt til å tilby fagbrev på jobb. (…) Det gjelder et minimumskrav om et års allsidig praksis i faget i fulltidsstilling for å tegne lærekontrakt. For kandidater som ikke har hatt fulltidsstilling, må praksisen regnes om til 100 prosent stilling. En 80 prosent stilling kan godkjennes som fulltidsstilling». 12 månaders arbeidspraksis er soleis eit minimumskrav. Fylkeskommunen kan setja høgare krav til arbeidspraksis for å inngå kontrakt om fagbrev på jobb. Lengre praksis betyr kortare kontraktsperiode og kortare periode med tilskot til bedrifta. Ut frå den økonomiske situasjonen vil dette kunne føra til at fleire vil kunne ta del i ordninga.. Fram til no har snittperioden på kontraktane vore på 18 månader og dei aller fleste har soleis meir enn 12 månader praksis. Likevel vil eit auka krav til praksis frå 12 månader til 24 månader kunne føre til at ein unngår svært kostbare kontraktar.

  - **Prioriterte bransjar**
  Fram til no har hovudvekta av kontraktar i ordninga vært innan helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsfag, med høvesvis 54 og 26 prosent av totalt inngåtte kontraktar. Det er viktig å nytta denne ordninga for å dekka arbeidslivets behov for kompetanse. Fylkesrådmannen tilrår difor at i sakshandsaminga av nye kontraktar skal ein prioritera bransjar med størst behov for kompetanse. Ei slik prioritering må skje etter råd frå Y-nemnda.

Nye tiltak

*Fagbrev på jobb – BIO-midlar*
I april 2021 vart det opna opp for at private bedrifter kunne søkja midlar for å finansiera fagbrev på jobb for eigne tilsette, finansiert av BIO-midlar (bedriftsintern opplæring). Utlysinga er eit samarbeid mellom avdelingane opplæring og kompetanse og innovasjon og næringsutvikling. Målgruppa her er bedrifter som er råka av koronakrisa og tilsette som er, eller står i far for å bli permitterte. Innovasjon og næring disponerer totalt 20 mill. til BIO-tilskot fordelt på BIO-midlar til ordinære opplæringstiltak for private bedrifter råka av koronakrisa og fagbrev på jobb. Fordelinga av midlane for desse to tiltaka er avhengig av søknadene som kjem inn.

Styrke ordninga fagbrev på jobb med 5 mill. kr.
Kompetanse Norge har ei rekkje tiltak for å auke fullføring av vidaregåande opplæring. Eit av desse er *Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre*. Samla sett, med tilskot frå 2020 og 2021, disponerer fylkeskommunen 63, 7 mill. Det er ei stor variasjon i målgruppa for dette tilskotet, og for nokre av desse vil fagbrev på jobb vere ei god ordning. Fylkesrådmannen tilrår derfor at ein nyttar 5 mill. kr. av dette tilskotet til fagbrev på jobb. Gjennomsnittlig lengde på ein kontrakt innan fagbrev på jobb er18 månader og kostar om lag 110.000 kr pr år. Det vil gje i underkant av 30 nye kontraktar. Her vil tilsette som er permittert, eller som står i fare for å bli permitter på grunn av koronakrisa bli prioritert.

Fylkesrådmannen vil vurdere over sommaren om ein kan omdisponere større delar av dei statlege midlane til fagbrev på jobb når ein har fått totaloversikt over kva midlar som er nytta i dei ulike tilskota.

**Prioritering av kompetansepolitiske tiltak**
Ordninga fagbrev på jobb er ettertrakta i arbeidslivet. Det er ei god ordning som er ein kortare og meir effektiv veg til fagbrev. Alternative ordningar, som praksiskandidatmodellen, har krav til 5 års praksis, noko som kan ta lang tid om ein har redusert stillingsstorleik. I lys av den alvorlege situasjonen som no er i arbeidsmarknaden kan ei auka satsing på Fagbrev på jobb føre til at fleire får fagbrev og seinare få moglegheit for fast stilling.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**
Kostnadene ved å opne opp for ordninga for desse konkrete tilboda vert finansiert gjennom ulike statlege tilskot.

**Klima:**
Ikkje relevant

**Folkehelse:**
Det er ein godt dokumentert samanheng mellom utdanningsnivå og folkehelse

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**
Saka støtter Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 blant anna ved å medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien

Konklusjon

Fylkesutvalet styrker ordninga fagbrev på jobb ved å omdisponera 5. mill. kr. frå tilskotsordninga *Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre* til fagbrev på jobb . Søkarar som er permitterte, eller står i fare for å bli permitterte vert prioritert.

Vestland fylkeskommune

**OPK - Administrasjon**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2020/73823-2
**Saksbehandlar:** Øyvind Helland Oddekalv

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 14/21 | 19.05.2021 |
| Hovudutval for næring | | 25.05.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 25.05.2021 |

# Samarbeid om utstyr mellom skule og næringsliv

Forslag til innstilling

1. Hovudutvalet tar saka til orientering. Det er viktig at det er tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale arbeidslivet med arbeidslivet som ein sentral læringsarena som gir elevane ein kompetanse som arbeidslivet etterspør, som sikrar arbeidslivstilknytting og lettar overgangen frå opplæring til arbeidsliv.

2. I det vidare arbeidet med samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet er det viktig at dette er forankra i avtalar som tar i vare dei pedagogiske, økonomiske og juridiske sidene ved eit slikt samarbeid.

3. Samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv bør byggje på lokale erfaringar og føresetnader.

Samandrag

I denne saka blir ulike formar for samarbeid om utstyr mellom vidaregåande skule og næringsliv i fylket skildra. Døma er tatt frå Bømlo og Nordhordland med bakgrunn i pilotprosjektet på Bømlo og samarbeidsprosjektet i Nordhordland.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Tor Ivar Sagen Sandvik
kst. seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen viser til vedtak i sak 144/2020 i fylkestinget i desember 2020:

1. Fylkestinget er positiv til vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar. Utvalet viser m.a. til Bømloprosjektet, Årdal vg.skule og samarbeidsprosjektet i Nordhordland.

2. Fylkestinget legg til grunn at ein opprettheld og vidareutviklar etablerte samarbeid, samt etablerar dialog og samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv/kommunar ved etablering og oppgradering av arena og areal knytt til utdanningsprogram der dette har utviklingspotensiale. Målet er å styrka kompetanse, trygga arbeidslivstilknytning og arbeidslivserfaring for elev.

3. Fylkestinget viser til verbalpunkt, VP 11 og ber om at det vert lagt fram ei sak for hovudutval for opplæring og kompetanse som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringsliv kan gjerast. Saka vert også lagt fram for hovudutval for næring.

4. Fylkestinget ber om ei løypemelding til hovudutval for opplæring og kompetanse i løpet av november 2021 om utvikling og etablering av samarbeid omtala i punkt 2.

I pkt. 3 i vedtaket blir det vist til verbalpunkt VP 11 frå budsjettvedtaket frå desember 2019 som omhandlar pilotprosjektet på Bømlo:

> Verbalpunkt 11
> Rubbestadneset: Vi konstaterer at utviklinga av pilotprosjektet på Bømlo/Rubbestadneset vert gjennomført som planlagt. Ber om ei sak som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet kan gjerast.

Denne saka tar for seg pkt. 3 i vedtaket og omtalar ulike måtar for samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet i fylket, i første rekkje basert på to prosjekt som i utgangspunktet har som overordna mål å styrkje samarbeidet mellom vidaregåande skule og arbeidsliv, samarbeidsprosjekt i Nordhordland og pilotprosjektet på Bømlo. Samstundes blir det vist til pkt. 2 og 4 i vedtaket, som omhandlar samarbeid mellom skule og arbeidsliv meir generelt, dette vil ein komme tilbake til i ei sak/løypemelding hausten 2021.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtakskompetansen. Saka skal òg leggjast fram for hovudutval for næring.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:**
Samarbeid om utstyr mellom skulane og næringslivet kan ha innverknad på investeringsbehovet på sikt.

**Klima:**
Ingen direkte innverknad.

**Folkehelse:**
Ingen direkte innverknad.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Samarbeid om utstyr mellom skule og næringsliv støttar opp om formål i mål og strategi for vidaregåande opplæring.

Bømlo

Etter at pilotprosjektet på Bømlo vart vedtatt av fylkestinget i Hordaland i oktober 2016, gjennomførte prosjektgruppa ei omfattande informasjonsinnsamling frå skule og arbeidsliv og tilrådde å arbeide vidare med ein forbetring av dagens opplæringsmodell gjennom pilotprosjektet på Bømlo. Eit berande element i opplæringsmodellen er betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv, og auka involvering av bedrift i praksisopplæringa. Det vart òg trekt fram å utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag, m.a. samarbeid om det som gjeld utstyr.

I det vidare arbeidet med rom- og funksjonsprogrammet for nye Bømlo vgs. vedtok fylkestinget i Hordaland i juni 2019 at framtidig lokalisering av verkstader til TIP, elektro og naturbruk skal vere i teknologisenteret til UNITECH på Rubbestadneset. Teknologisenteret til UNITECH er ein del av ein norsk katapult for berekraftig maritim industri, og eit nasjonalt katapultsenter innanfor ulike typar energisystem som batteri, brenselceller og hybride system til m.a. havnæringane. Det er òg planlagt å inkludere utstyr som oppdrettsanlegg, reinseanlegg for fisk, container for transport av levande sjømat, ulik sensorteknologi m.m. ved teknologisenteret.

Teknologisenteret til UNITECH er under oppføring, og det går no føre seg eit stort arbeid som gjeld det grunnleggjande utstyret som skal vere i skuledelen av bygget. Parallelt blir det arbeidd med meir avansert utstyr som bedriftene og skulen tenkjer det kan vere nyttig at elevane får opplæring i, gjennom det som pilotprosjektet kallar spesialiserte opplæringsstasjonar. Dette er utstyr som ikkje er å finne i skulen, men som klassar, eller delar av klassar, får tilgang til i bestemte periodar. Det blir arbeidd med ein del konkrete «case» som blir utgreidde: framdriftslab. (komplett gearsystem, Wärtsilä), maskineringsverkstad (moderne robotisert maskinering, Sunnhordland Technologies) og kjøl/frys (nytt kjøle- og fryselager, Bremnes Seashore).

Det blir òg tenkt breiare kring spesialiserte opplæringsstasjonar i pilotprosjektet, der grunntanken er at dei fleste bedrifter har noko utstyr som ein ikkje har i skulen. Dersom ein lagar eit pedagogisk opplegg, forankra i læreplanane og i samarbeid med bedriftene, kan ein potensielt ha mange slike spesialiserte opplæringsstasjonar i ulike bedrifter. Dette vil gi skulen mange strengar å spele på, og gi elevane ei unik erfaring før dei skal starte på læretida.

På denne måten kan ein òg tenkje at skulen kan stille utstyr tilgjengeleg til bedrifter som treng dette i periodar. Det er gjerne ikkje alle bedrifter som har behov for t.d. ei avansert CNC-maskin permanent, men kan låne/leige dette av skulen i periodar. På denne måten kan samarbeidet om utstyr gå begge vegar og styrkje det generelle samarbeidet mellom skule og næringsliv.

Pilotprosjektet på Bømlo peikar òg på dei eksisterande hospiteringsordningane som fylkeskommunen har i dag som arenaer for samarbeid, m.a. om utstyr. Her kan t.d. ein lærar vere inntil fem dagar i ei samarbeidsbedrift og på denne måten gjerne få opplæring på utstyr som ein seinare kan ta ein klasse, eller delar av ein klasse, med og få demonstrert eller utprøving på. Om ein jobbar systematisk med dette over tid kan det vere ein naturleg del av skulen sitt arbeid med kompetanseutvikling.

Utdanningsprogram for naturbruk skal starte opp på nye Bømlo vgs. skuleåret 2022/2023. Ein del av den praktiske opplæringa vil gå føre seg i ein havbrukshall i teknologisenteret på Rubbestadneset. I tråd med rom- og funksjonsprogrammet for nye Bømlo vgs., som vart vedtatt hausten 2019, skal opplæringa på Vg2 akvakultur m.a. gå føre seg i storskala ute på anlegg. I samband med dette har fylkeskommunen og skulen knytt til seg ein av næringsaktørane som samarbeidspartnar. Etter reglane om offentlege anskaffingar vart Bremnes Seashore valt ut etter ein konkurranse, og det har i samarbeid blitt send ein søknad om undervisningsløyve (konsesjon). Dette er eit anna døme der samarbeid om utstyr er ein sentral del av opplæringa.

Det har vore tett samarbeid mellom fylkeskommunen, skulen og det lokale næringslivet når det gjeld å utstyre skuledelen av teknologisenteret, m.a. om utstyr i havbrukshallen, men og dei andre utdanningsprogramma som skal ha den praktiske opplæringa si i teknologisenteret. Det er framleis ein del avklaringar som må gjerast med tanke på dei pedagogiske, økonomiske og juridiske forholda kring dette med samarbeid om utstyr i pilotprosjektet på Bømlo. Dette arbeidet er i ferd med å gå inn i siste fase.

Nordhordland

I samarbeidsprosjektet i Nordhordland, som vart avslutta sommaren 2020, var det berande elementet at ein auka praksisperiodane for elevane i bedrift. Det var to utdanningsprogram som var med i prosjektet, byggfag på Austrheim vgs. og TIP på Knarvik vgs. Ein konsekvens av auken var at elevane ikkje berre var utplasserte i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF), men dei fekk òg delar av opplæringa i nokre av programfaga i bedrift. I sluttrapporten som var oppe til politisk behandling hausten 2020, kan ein lese om dei ulike erfaringane som vart gjort i dette prosjektet.

I sluttrapporten kan vi m.a. lese at tilbakemeldingane frå både lærebedrifter, utplasseringsbedrifter og skuletilsette er i stor grad positive til erfaringane med auka utplassering. Ein av føremonene som vart trekt fram var at elevane fekk auka tilgangen til opplæring på avansert utstyr som ikkje er tilgjengeleg i skulen. I tilbakemeldingane frå rektorane vart det trekt fram at auka utplassering kunne auke kapasiteten på utdanningsprogramma, utan auka investeringar. M.a. kunne Knarvik vgs. ta inn ein ekstra klasse Vg2 byggteknikk skuleåret 2020/2021, eigentleg utover verkstadkapasiteten, sidan det aller meste av den praktiske opplæringa innan programfaga vert gjennomført i bedrift. Dette var i tråd med det som vart prøvd ut i samarbeidsprosjektet i Nordhordland.

Eit anna døme er opprettinga av Vg2 transport og logistikk på Knarvik vgs. i 2010. Dette kom som eit resultat av at næringslivet i regionen, gjennom Nordhordland Næringslag, melde sterkt behov for arbeidskraft innanfor logistikkbransjen, m.a. på forsyningsbasen på Mongstad. Ved å gjennomføre YFF og mesteparten av den praktiske opplæringa innanfor programfaga ute i bedrift, kunne ein starte opp dette tilbodet utan å gjere dei tunge investeringane som eit slikt utstyrskrevjande programområde har. Vg2 transport og logistikk vart i 2020 flytta til nye Åsane vgs., her har fylkeskommunen investert i gode og tenlege verkstadlokale for programområdet.

Eit slikt samarbeid som inneber auka grad av praksis i bedrift i både faget YFF og i programfaga, kan legge til rette for at fylkeskommunen kan tilføre arbeids- og næringslivet relevant kompetanse og som bidreg til auka læringsutbytte for elevane. Samstundes er det i slike modellar avgjerande at det ligg til grunn tydelege og forpliktande avtalar mellom skule og bedrift om opplæringa.

TAF-modellen, òg kjent som YSK, som vart starta på Knarvik vgs. i 1992 (den gongen Nordhordland vgs.), er ein opplæringsmodell der elevane kombinerer arbeid i bedrift med skulegangen over fire år, og der sluttkompetansen er både fagbrev og spesiell studiekompetanse innan realfag. Dei to første skuleåra har elevane elevstatus, dei to siste lærlingstatus. Gjennom å ha all den praktiske opplæringa innan programfaga i bedriftsdelen av opplæringa vil ikkje skulen ha trong for verkstadlokale for desse gruppene.

Ein føresetnad for at den auka utplasseringa fungerer bra i Nordhordland, er at ansvaret mellom skule og bedrift er klart definert. Det er skulen som er ansvarleg for å planleggje at opplæringa skjer i tråd med læreplanane og at vurderingsarbeidet skjer i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Dette er òg med å avklare forventningane til samarbeidet mellom skule og bedrift.

Dette er døme på at tett samarbeid med lokalt næringsliv og gode relasjonar med dei lokale bedriftene kan gjere at ein kan auke kapasiteten eller starte tilbod som elles hadde kravd store investeringar i utstyr på skulane.

Konklusjon

I Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025, som vart vedtatt i fylkestinget i desember 2020, blir det slått fast i formålet at vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune skal fornye og forbetre for å auke gjennomføringa. I mål 3 i denne temaplanen er det trekt fram at arbeidslivet er ein sentral læringsarena for å gi elevane kompetanse som arbeidslivet etterspør, og at kjennskap til arbeidslivet vil i tillegg lette overgangen frå opplæring til arbeidsliv. For å nå desse måla er samarbeid om utstyr mellom vidaregåande skule og næringslivet ein viktig byggjestein.

I Vestland fylkeskommune er det 46 vidaregåande skular med eigenart og ulike tradisjonar, godt forankra i lokalt samarbeid med næringsliv, kommunar og frivillige organisasjonar. Det er avgjerande at den enkelte skule tar utgangspunkt i dette når ein skal vidareutvikle samarbeidet med arbeidslivet, dette gjeld òg for meir konkret samarbeid som gjeld utstyr. Uavhengig av på kva måte ein vel å samarbeide om utstyr på lokalt, må eit mål vere at dei vidaregåande skulane og arbeidslivet kjem endå tettare, og på den måten kan gjere vegen for elevane ut i arbeidslivet tryggare og sikre at fleire får læreplass og oppnår sluttkompetanse og på den måten fullfører vidaregåande opplæring. Det viser seg i stor grad at elevane knyter kontaktar med arbeidslivet i utplasseringsperiodane, og på den måten inngår intensjonsavtale om lærekontrakt og sikrar det vidare opplæringsløpet som lærling i bedrift. På denne måten får ein til gode overgangar som er avgjerande for å sikre fullføringa av opplæringsløpet.

Gjennom å vise til korleis ein arbeider både på Bømlo og i Nordhordland har ein freista vise kva tett og godt samarbeid, og gode relasjonar generelt, mellom skule og næringsliv, kan gi forholdsvis ulike måtar å samarbeide om utstyrsbehovet på. Ein fellesnemnar som har vist seg i begge prosjekta er det klare ønskje frå både skule og næringsliv om at elevane må ha eit minimum av grunnopplæring, slik at den utvida utplasseringa er i stor konsentrert om Vg2.

For å kunne ivareta det pedagogiske ansvaret er det viktig at det er avklart tydeleg kva roller både skule og bedrift har i t.d. vurderingsarbeidet. Men òg at det som gjeld dei økonomiske og juridiske tilhøva er føreseieleg avklart gjennom inngåtte avtalar. Spesielt i pilotprosjektet på Bømlo er det stort fokus på skriftlege avtalar både for det som gjeld utplasseringsperiodar i YFF, men og for det som gjeld spesialiserte opplæringsstasjonar. Uavhengig av korleis ein organiserer den praktiske delen av opplæringa er det fylkeskommunen som vil ha ansvaret for at denne blir gjennomført, då er det viktig at denne blir sikra gjennom forpliktande avtalar. Dette gjeld ikkje minst der skulen er avhengig av utstyr som er lokalisert utanfor skulen sin eigne lokale.

Samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet er berre éin del av eit tett og godt samarbeid mellom dei ulike skulane og det lokale næringslivet, kommunane og dei frivillige organisasjonane. I tråd med pkt. 2 i vedtaket frå desember 2020 vil fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak/løypemelding til hausten, der samarbeidet mellom skulane og arbeidslivet meir generelt vil vere tema. I denne saka kan det òg seiast meir om på kva måtar dei ulike vidaregåande skulane samarbeider om utstyr med det lokale nærings- og arbeidslivet.

Vestland fylkeskommune

**OPK - Kvalitet i opplæringa**
Saksframlegg

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/18407-1 |
| **Saksbehandlar:** | Gro Hovland og Ingunn Wik Djønne |

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 15/21 | 19.05.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 25.05.2021 |
| Fylkesutvalet | | 01.06.2021 |
| Fylkestinget | | 16.06.2021 |

# Tilhøve for ungdom på hybel

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.

4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjettramme..


Samandrag

Fylkesrådmannen følger i denne saka opp FT-sak 137/2020 verbalpunkt 4 om å skape tryggleik for den einskilde ungdom og foreldre rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring. I saka har fylkesrådmann kartlagt tilhøva for hybelbuarar i Vestland og syner korleis ein kan betre tilhøva for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak


| | |
|---|---|
| Rune Haugsdal<br>fylkesrådmann | Bekka Skaasheim<br>ass. fylkesdirektør |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Tabell med tal hybelbuarar

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I FT-sak 137/2020: Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024-arbeidsdokument 6/20 vedtok fylkestinget 16 verbalpunkt for oppfølging. Denne saka gjeld verbalpunkt 4:

> Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).

Vedtakskompetanse
Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget skal handsamast i fylkestinget

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**
Kan medføre auka kostnader til løn, men føresett finansiert innanfor gjeldande budsjett.

**Klima:**
Ingen effekt

**Folkehelse:**
Er peikt på som sentrale utfordringar og ligg i samfunnsrolla og oppdraget til vidaregåande opplæring, m.a. som eige tverrfagleg tema, folkehelse og livsmeistring. Tiltaka vist i saka er del av å gjennomføre overordna mål for folkehelsearbeidet i Vestland; auke livskvalitet for elevane og medverke til inkludering og integrering.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**
Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi vert klargjort gjennom sektoren sin temaplan «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring».

**Kartlegging av hybelbuarar i Vestland**
Kartlegginga etterspurde tal hybelbuarar, kva tilbod skulane har, tilhøve og korleis dei kan betrast.

<u>Tal elevar som bur på hybel</u>
For å finne tal elevar som bur på hybel har fylkesrådmannen gått inn i det skuleadministrative systemet og henta ut data for elevar som er registrert med co.-adresse. I tillegg har dei vidaregåande skulane respondert på direkte førespurnad om tal hybelbuarar ved skulen. Tilbakemeldingane frå skulane og informasjonen som ligg i det skuleadministrative systemet, samsvarar ikkje. Grunnen er ulike måtar å registrere hybelbuarar på i det skuleadministrative systemet. Rapporterte tal frå skulane viser at 1638 (i underkant av10% ) elevar bur på hybel. Skulevis og områdevis fordeling er synt i tabellen som ligg ved saka, og viser at tal hybelbuarar varierer frå område til område og frå skule til skule (vedlegg 1).

Fylkesrådmannen har ikkje hatt høve til å kartlegge tilgang, standard og ekstra kostnad for elevar som bur på hybel. I arbeidet med denne saka er det ikkje innhenta tilbakemeldingar frå ungdom som bur på hybel.

<u>Tal lærlingar som bur på hybel</u>
Fylkesrådmannen har sendt førespurnad til opplæringskontora om tal lærlingar som bur på hybel. Tilbakemeldinga er at det ikkje er ei systematisk registrering av lærlingar på hybel.

Fylkesrådmannen meiner det vil vere føremålstenleg at skulane har lik praksis i registrering av hybelbuarar ved dei vidaregåande skulane og vil sikre dette gjennom innføringa av Visma InSchool (VIS). Like eins meiner fylkesrådmannen det er viktig å ha eit oversyn over tal lærlingar på hybel og at fylkeskommunen, i dialog med opplæringskontora, må ha merksemd på lærlingane sin busituasjon.

<u>Tilbod</u>

Nedanfor følgjer ei oversikt over skulane sine tilbod, strukturert etter universelle tilbod og tilbod særskilt for elevar som bur på hybel.

Universelle

- Tilgang til dei vidaregåande skulane på kveldstid
- "Open skule" 1-4 dagar/veke, med tilbod om mat og aktivitet.
- Foreldremøte og foreldresamtalar for ungdom under 18 år
- Aktivitet i skulen sin idrettshall/styrkerom
- Samarbeid med lag og organisjonar, kommunar, samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT), politi og utekontakt
- Tett oppfølging av elevar med stort fråvær, t.d. ringe- og vekkeavtale

For elevar på hybel

- Hybelbesøk, i starten av skuleåret og oppfølging etter behov
- Skular har ei liste over hybelvertar
- Kontaktlærar følgjer opp samarbeid og kontaktar foreldre ved bekymring.
- Særleg merksemd og tiltak for elevar med høgt fråvær, til dømes hentar elevar på hybel eller ringjer for å vekke dei
- Eigne kontaktkveldar tidleg i skuleåret
- Hybelkurs
- Møte mellom utleigar og elev
- Eigne lunsj-samlingar nokre gonger i året

Tilhøve for hybelbuarar

Tilboda ovanfor, retta mot elevar, er etablerte for å legge til rette for eit systematisk arbeid for å kvalitetssikre og gjere tilhøva for hybelbuarar så gode som mogleg. Gode strukturar og gode prosessar er avgjerande for høg resultatkvalitet, i denne saka; gode tilbod og tilhøve for hybelbuarane. Gjennom hybelkurs kan dei lære om rettar og plikter i leigeforhold, samt å utvikle rutinar som skal til for å handtere ein tilvære på hybel, til dømes økonomistyring, matlaging og å styre si eiga tid. Miljøkoordinatorar, skulehelsetenesta, elevtenesta og anna personell i vidaregåande skule syner seg å vere svært viktige for å skape gode sosiale tiltak og høg resultatkvalitet.

Vestland fylkeskommune har ikkje tiltak særskild for lærlingar som bur på hybel, og desse er i liten grad inkludert i tilboda på dei vidaregåande skulane. Ungdom som søker læreplass, får ikkje alltid kontrakt med bedrifter i sitt nærmiljø og må flytte på hybel for å gjennomføre læretida si. Eit godt samarbeid mellom lærling, opplæringskontor og skule kan vere med å sikre at tilhøva for lærlingar blir varetekne bl.a. ved at lærlingar kan delta på arrangement i regi av skulen. System for informasjonsutveksling mellom skule, lærebedrift og lærling manglar per i dag.

Fylkesrådmannen nyttar tilbakemeldingane frå skulane og forsking som kunnskapsgrunnlag for å svare ut verbalpunkt 4 i FT-sak 137/2020 «korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak»

Forsking syner at det er individuelle forskjellar på korleis elevane opplever og handterer tida på hybel. Til dømes opplever mange meistring når dei klarer å utvikle rutinar og strukturere tidsbruken sin, medan andre manglar rutinar for å handtere eit tilvære borte frå føresette. Studiet viser også at ungdom på hybel er overrepresentert i fråfallsstatistikken (Wenche Wannebo, 2017).
Vidare viser Wannebo i si forsking at helsesøster, miljøkoordinatorar, sosialpedagogar og andre tilsette i vidaregåande skule syner seg å vere svært viktige for hybelbuarar. Fråvær av vaksenpersonar kan vere tøft særleg i starten av eit hybelliv, og fleire ungdomar kjenner seg triste, nedstemte og einsame. Med støtte frå kompetente vaksne er det lettare for dei unge hybelbuarane å vekse og få ein sunn overgang til vaksenlivet. Ei slik støtte kan vere både god relasjon til kvar einskild hybelbuar, samt legge til rette for sosialt samvær både i og etter skuletid.

Forslag frå skulane til korleis forbetre tilhøva for hybelbuarar

- Miljøkoordinator på alle skulane
- Ekstraressurs til skular som har mange hybelbuarar- 100 % ressurs
- Internat med bemanning
- Uteområde som appellerer til leik, aktivitet og sosial møteplass
- Open skule på ettermiddag
- Sosiale aktivitetar i helgane for elevar som ikkje reiser heim

- Betre system for å fange opp kven som bur på hybel
- God lokal koordinering mellom skule og kommunale støttetiltak, samt lokalt organisasjonsliv

Temaplanen Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring nyttar struktur-, prosess- og resultatkvalitet som omgrep for kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering. For å nå høg resultatkvalitet og betre tilhøve til hybelbuarar er det naudsynt med tiltak knytt til både struktur- og prosesskvalitet.

Fylkesrådmannen si kartlegging viser at dei vidaregåande skulane i Vestland har ulike funksjonar og ressursar i arbeidet sitt med sosialpedagogiske tiltak. Tilbakemeldingar frå skulane viser at skular med definerte funksjonar, har meir systematikk i arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet. Fylkesrådmannen vurderer det som ein styrke at desse oppgåvene er knytt til ein funksjon ved skulen.

Forskinga til Wannebo viser også at hybelbuarar er sårbare når det gjeld psykisk helse, samanlikna med elevar som bur heime. Hybelbuarar som strevar med å handtere hybellivet, tilpassar seg lettare dersom dei opplever omsorg og støtte frå kompetente vaksne. Støtte der hybelbuaren opplever å bli sett, stadfesta, dyktiggjort og forstått, er ein føresetnad for å ivareta trivsel og helse (Wannebo 2017). Til liks med forskinga stadfestar skulane at miljøkoordinator eller anna personell med tilsvarande rolle, er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med trivselsfremjande tiltak i det daglege, både i og etter skuletid. Skulane er også tydelege på at stillingsstorleiken ikkje må reduserast, men heller aukast i høve til dagens ressurs.

## Konklusjon

I FT-sak 137/2020 bad Fylkestinget rådmannen følgje opp vedtakspunkt 4 som seier at:

> Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).

Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring peikar på at høg struktur- og prosesskvalitet er viktig for å nå eit godt resultat, her: gode tilhøve for hybelbuarar. Eit godt samansett lag med ei heilskapleg forståing av tilværet til hybelbuarane er særs viktig. Til dette arbeidet trengst det kompetente vaksne som ser ungdomen, organiserer og gjennomfører tilboda på ein systematisk og målretta måte.

## Vedlegg 1

Rapporterte tal frå skulane viser at 1638 (i underkant av10% ) elevar bur på hybel. Skulevis og områdevis fordeling er synt i tabellane og viser at tal hybelbuarar varierer frå område til området og frå skule til skule.

| Vidaregåande skular | Tal hybelbuarar |
|---|---|
| **Område 1** | |
| Stend | 25 |
| Os vgs | 105 |
| Slåtthaug | 7 |
| Os gymnas | 0 |
| Austevoll | 90 |
| Bømlo | 5 |
| Fitjar | 10 |
| Fusa | 34 |
| Odda | 15 |
| Rubbestadneset | 4 |
| Stord | 45 |
| Kvinnherad | 11 |
| **Sum** | **351** |
| **Område 2** | |
| Åsane | 12 |
| Arna | 0 |
| Askøy | 15 |
| Knarvik | 0 |
| Osterøy | 0 |
| Sotra | 0 |
| Austrheim | 0 |
| Kvam | 10 |
| Årstad | 1 |
| **Sum** | **37** |
| **Område 3** | |
| Tertnes | 1 |
| Amalie skram | 20 |
| Bergen katedralskule | 0 |
| Fyllingsdalen | 5 |
| Laksevåg og BM | 10 |
| Langhaugen | 15 |
| Nordahl Grieg | 6 |
| Olsvikåsen | 0 |
| Sandsli | 5 |
| **Sum** | **62** |
| **Område 4** | |
| Voss gymnas* Internat | 105 |
| Voss vgs* Internat | 96 |
| Årdal | 25 |
| Dale | 30 |
| Eid | 100 |
| Firda | 161 |
| Flora | 80 |
| Hafstad | 40 |
| Høyanger | 26 |
| Mo og Øyrane, Internat på Mo | 141 |
| Sogn Jord og hagebruk Internat | 52 |
| Sogndal | 205 |
| Stryn | 52 |
| Måløy | 75 |
| **Sum** | **1188** |

*Voss gymnas og Voss vgs har felles internat

| | Skular | Rapportert tal hybelbuarar |
|---|---|---|
| Sørfylket | Kvinnherad, Stord, Rubbestadneset, Odda, Fusa, Fitjar, Bømlo, Austevoll | 214 |
| Stor Bergen | Slåtthaug, Stend, Os, Åsane, Askøy, Tertnes, Amalie Skram, Fyllingsdalen, Laksevåg og BM, Langhaugen, Nordahl Grieg, Sandsli | 226 |
| Nordfylket | Årdal, Sogndal, Sogn Jord og hagebruk, Stryn, Mo og Øyrane, Høyanger, Hafstad, Flora, Firda, Eid, Dale, Måløy | 1188 |
| Voss Hardanger | Voss vgs, Voss gymnas, Kvam vgs | 211 |

Vestland fylkeskommune

**OPK - Kvalitet i opplæringa**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/19208-1
**Saksbehandlar:** Ole Henrik Mølmann

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 16/21 | 19.05.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 25.05.2021 |
| Fylkesutvalet | | 01.06.2021 |
| Fylkestinget | | 16.06.2021 |

# Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune

## Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekka innanfor avdelinga sitt budsjett.

## Samandrag

Nettskulen vil bidra til eit meir likeverdig opplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune.

Vidare vil nettskulen kunne bidra til meir fleksibilitet og auka gjennomføring i opplæringa. Elevane og lærlingane vil få eit breiare og meir relevant opplæringstilbod uavhengig av bustad og livssituasjon.

Fag i nettilbodet skal vere supplement til faga som skulane tilbyr. Der det er elevgrunnlag på skulen for å tilby eit fag, skal elevane i utgangspunktet delta der og ikkje i nettundervisninga..

| | |
|---|---|
| Rune Haugsdal<br>fylkesrådmann | Bjørn Lyngedal<br>fylkesdirektør |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i sak PS 139/2020 mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025 "Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring". Som del av oppfølginga av mål og strategiar arbeidar fylkesrådmannen med å utgreie moglege tiltak for å sikre kvalitet i opplæringa.

Vestland fylkeskommune har allereie eit nettopplæringstilbod i einskilde fag, og har hatt dette tilbodet til elevane i nokre år. Grunnlaget for tilbodet ligg i sak 2014/13785-2 i Hordaland fylkeskommune "Vedkomande undervisningsteknologi, skulestruktur og fagtilbod i vidaregåande opplæring" Inneverande skuleår er det tilbod om nettundervisning i språkfag på nivå 3 og mindre fag som kinesisk og japansk. Dette er tilbod til alle elevar i Vestland fylkeskommune.

Potensialet i nettundervisning er så langt ikkje teke ut. Med etablering av eit utvida tilbod på nett - Nettskulen i Vestland - vil elevar og lærlingar i heile Vestland få eit meir fleksibelt og breiare fagtilbod. Vidare vil truleg retten til å kunne fullføre vidaregåande opplæring bli utvida som følgje av fullføringsreforma. Eit breitt fagtilbod på nett vil gjere det mogleg å gi og tilpasse opplæring for elevar og lærlingar i ulike livssituasjonar.

Målgrupper

Alle elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune er i utgangspunktet i målgruppa for nettskulen VLFK.

Meir spesifikt kan vi nemne følgjande grupper som aktuelle for nettundervisninga:

- elevar som ikkje har fagtilbod på eigen skule som dei er interessert i, eller har behov for i høve vidare utdanning eller yrke.
- elevar i vidaregåande opplæring for vaksne som treng eit fleksibelt opplæringstilbod
- lærlingar som treng å ta teorifag
- elevar som av ein eller annan grunn (t.d. psykisk eller fysisk sjukdom) ikkje klarer å møte på skulen

Eit best mogleg opplæringstilbod

Vestland fylkeskommune har ein desentralisert skulestruktur med både små og stor skular. Skular med få parallellar har ofte vanskar med å tilby mange programfag innafor studieførebuande utdanningsprogram. Gruppestorleiken i enkelte fag kan bli veldig liten om elevane skal fordelast utover på mange fag. Det betyr at berre fag med mange nok elevar vert starta opp, og dei elevane som ynskjer andre fag må i staden velje mellom dei faga skulen kan tilby. Mange elevar vil då ikkje ha tilbod om fag dei er motivert for å følgje. Ved å tilby fleire programfag i nettskulen vil elevane få eit breiare tilbod av fag enn det den enkelte skulen vil kunne tilby. Eit supplerande og utvida fagtilbod på nett vil vidare gjere det mogleg å oppretthalde ein desentralisert skulestruktur med til dels små skular, og elevane sine ønske blir i mindre grad avgrensa av nærskuleprinsippet.

Vaksne som ynskjer og har rett på vidaregåande opplæring treng opplæringstilbod som er tilpassa deira livssituasjon. For mange er det ikkje mogleg å reise langt og delta i opplæring på dagtid då dei er bundne til jobb og/eller familiesituasjon. Det same gjeld lærlingar som treng å ta fellesfag samstundes med læretida..

Eit likeverdig tilbod

Fylkesrådmannen meiner at alle elevar skal ha eit likeverdig opplæringstilbod. Elevane og lærlingane skal så langt det er mogeleg få tilbod om dei faga dei treng og ynskjer. Det skal ikkje vere storleiken på skulen eller kor elevane og lærlingane bur som avgrensar moglegheitene. Når elevane og lærlingane får dei faga dei treng eller ynskjer, bidreg dette til auka motivasjon og gjennomføring av opplæringa.

Behov for eit prosjekt om organisering av nettskulen VLFK

Vestland fylkeskommune etablerer eit prosjekt for å utvikle ein nettskule på bakgrunn av erfaringane med eksisterande nettilbod. Eit mål for prosjektet er å organisere administrasjon av nettskulen på like linje med dei andre skulane i Vestland, med ein rektor og støttefunksjonar. Rektor og stab skal løyse administrative oppgåver og vidareutvikle pedagogiske modellar for nettskulen. Eit anna mål for prosjektet er å knyte fagleg og digitalt kompetente lærarar til nettskulen.

Lærarar i nettskulen vil ha hovudarbeidsplassen sin på ein av dei vidaregåande skulane, men ha oppdrag for nettskulen som ein del av jobben sin. Å kunne bruke lærarkreftene i Vestland fylkeskommune til læring på nett, vil gje ein effektiv bruk av den samla kompetansen og ressursane i fylkeskommunen. Til dømes kan lærarar på mindre skular, med få fag å undervise i, få oppdrag frå nettskulen. Slik kan lærarar få brukt fagkompetansen sin, unngå delstillingar og i tillegg heve eigen kompetanse på læring via nett. Slik bruk av lærekreftene vil i tillegg førebu sektoren betre på framtidige situasjonar med kombinasjonar av læring på skulen og "heimeundervisning" (også kalla hybrid læring), eller fullskala læring på nett for alle (ved pandemiutbrot o.l.).

Fylkesrådmannen meiner difor at lærarar i Vestland fylkeskommune skal vere førebudd på å ta del i nettskulen ved førespurnad. Ein lærar i Vestland fylkeskommune skal også kunne vere lærar i nettskulen, som ein del av hennar/hans virke. Dette vil gagne våre elevar og deira framtid i Vestland fylke/ andre stadar - som opne, kompetente og modige menneske.

### Pedagogisk modell

Nettskulen vil basere seg på eit sosiokulturelt læringssyn. Dette er i tråd med tankane i reforma Fagfornyinga, kor prinsippa for læring, utvikling og danning gir retning for korleis vi skal løyse både utdannings- og danningsoppdraget i skulen.

Kva tyder så dette i praksis? Fylkesrådmannen vil saman med leiinga i nettskulen utarbeide ein modell for læring på nett i Vestland.

I kva grad læring i nettskulen skal skje i sanntid (synkron læring) eller vere sjølvstudium (asynkron) vil avhenge av målgruppe og fagkarakter. Det er difor ønskjeleg at prosjektet ser nærare på ulike læringsmåtar, både synkron læring og asynkron læring. Det er ein del erfaring å hente frå dei andre nettskulane i Noreg på dette området. Vestland fylkeskommune er med i eit samarbeid mellom nettskulane der slike tema vert diskutert. Prosjektet vil kome med tilrådingar på ulike løysingar for ulike grupper av elevar og lærlingar.

### Samlingar og studieverkstader

I kva grad det skal vere fysiske samlingar i fag vil variere. Dette har samanheng både med kven som er i målgruppa for faget og kor "praktisk" faget er. For einskilde fag, t.d. yrkesfag, vil det vere naudsynt med fleire samlingar. God oppfølging av eleven og lærlingen sin progresjon, læring og trivsel er avgjerande for at elevane og lærlingane gjennomfører opplæringa si.

Nettskulen i Nordland har "studieverkstadar" på alle dei vidaregåande skulane, der elevane møter til studiearbeid og dei kan få støtte til læringsarbeidet av skulen sine lærarar. Fylkesrådmannen (Nettskulen i VLFK) vil sjå på tilsvarande løysingar.

### Fagtilbod skuleåret 2021/22

Fagtilbodet skuleåret 2021/22 bør ta utgangspunkt i det eksisterande fagtilbodet i fylkeskommunen, og utvidast med å tilby generell studiekompetanse for vaksne som nettundervisning (for vaksne som ikkje kan delta i det "ordinære" vaksenopplæringsløpet med opplæring ved ein skule).

Nettfag for elevar i vanleg vidaregåande opplæring:
- Kinesisk nivå 1-3
- Japansk nivå 1-2
- Spansk nivå 3
- Fransk nivå 3
- Tysk nivå 3
- Matematikk R1 for VG1-.elevar som har forsert matematikk i ungdomsskulen

For elevar som ikkje kan møte til vanleg skule (tilbodet ved Fyllingsdalen vidaregåande skule)
- Individuelt tilpassa studieplan

Generell studiekompetanse for vaksne:
- Engelsk fellesfag
- Historie fellesfag
- Matematikk 1P+2P
- Naturfag
- Norsk (hovudmål, sidemål og munnleg)
- Samfunnsfag

## Prosjektet nettskulen Vestland

### Prosjektrektor til å drive prosjektet

Omfanget av prosjektet er av ein slik storleik at det er naudsynt å engasjere ein prosjektrektor i full stilling. Prosjektrektor må knyte både administrative ressursar så vel som lærekrefter inn i prosjektet. Oppbygging av tilbodet krev organisering av ein administrasjon og økonomisk modell for drifta. Prosjektet må kartlegge behov og prioritere kva fag og utdanningar nettskulen skal utvikle tilbod innan dei neste åra.

### Oppbygging av fagtilbodet

Oppbygging av fagtilbodet krev omfattande samarbeid med skular, rettleiingstenesta og andre som har innsikt i behova til elevar, lærlingar og vaksne i fylket. I prosjektet må behovet for nettbasert opplæring kartleggast og oppbygginga planleggast.

Per i dag veit vi om behov innan:
- Programfag
- Vaksenopplæring
- Lærlingar og praksiskandidatar

Ei opptrapping av fagtilbodet i nettskulen VLFK krev at nettskulen har ein stor nok stab til å rekruttere og følgje opp lærarar. Prosjektet vil difor ha som ei kjerneoppgåve å etablere og utvikle administrasjonen av nettskulen i tråd med målsettingane for å kunne tilby eit breiare fagtilbod over dei neste åra. Prosjektet vil vidare ha behov for å samarbeide tett med dei andre vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune og fylkesrådmannen for å kunne få på plass kompetente lærekrefter til nettskulen.

## Vedtakskompetanse

Fylkestinget

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:**
Ved å tilby opplæring over nett vil det kunne vere mogleg for fleire å delta i og fullføre opplæring grunna personleg økonomi. Det vert enklare å delta i opplæring som er fleksibel og som kan gjennomførast utan å måtte ta fri frå jobb, ta i vare omsorgsoppgåver eller å måtte reise langt. Elevar kan få dei programfaga dei treng utan å måtte søke seg til andre skular enn nærskulen sin.

Vestland fylkeskommune vil kunne tilby opplæring til fleire og halde nede utgiftsnivået med eit nettbasert tilbod. Dei økonomiske hovudfordelane ved å ha ei godt utbygd nettbasert opplæring er å få nytta lærarressursar på tvers av skular og sleppe å oppretta små fag på skulane.

I prosjektperioden er det behov for ekstraløyving til prosjektrektor og administrasjonsressursar
- Stillinga som prosjektrektor – kr 1,2 mill.
- Administrasjonsressursar og driftskostnadar – kr 0,3 mill.

Utover dette vil sektoren bidra med pedagogiske ressursar og støttefunksjonar inntill eitt årsverk

Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekka innanfor avdelinga sitt budsjett.

**Klima:**
Nettundervisning vil kunne redusere behovet for reising for lærarar, elevar og lærlingar til og frå skular.

**Folkehelse:**
Elevar og lærlingar kan i større grad ha høve til å bu heime og gå på nærskulen ved å få supplert fag frå nettskulen. For mange kan dette vere bra i høve til både psykisk og fysisk helse.

Å kunne velje rett fagkombinasjon vil også hjelpe elevar og lærlingar i deira karriereval, som hjelper elevane og lærlingane i deira søken for meistring.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Skulane betyr mykje i lokalmiljøa sine. Ungdommane slepp å reise ut for å gå på skule. Skulane bidreg med å ha kompetanse og bygging av kompetanse for lokalt arbeidsliv. Skulane representerer også arbeidsplassar i lokalmiljøet og er ein medspelar i samfunnslivet (samarbeid mellom skule, arbeidsliv og organisasjonar). Nettskulen vil gjere det mogleg å delta i opplæringa i nærmiljøet til elevane og lærlingane. Ved å utvide fagtilbodet med nettundervisning kan elevane gå på nærskulen, og på denne måten bidra til å oppretthalde ein desentralisert skulestruktur.

Ved å tilby vaksne nettbasert opplæring vil det bli enklare å delta og fleire vil kunne heve eigen kompetanse frå der dei bur. Vaksne har ofte bindingar knytt til jobb og familiesituasjon som gjer at dei treng fleksibilitet i opplæringa. Kompetansebygging for vaksne er eit bidrag til å skaffe kvalifisert arbeidskraft i regionen.

Konklusjon

Fullføringsreforma lagt fram av regjeringa 26.03.2021 legg opp til at alle skal ha rett til å fullføre ei vidaregåande opplæring. For å gjere dette mogleg må Vestland fylkeskommune utvikle eit fleksibelt opplæringstilbod som innbyggarane kan nytte uavhengig av bustad og livssituasjon.

Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vert det sett i gang eit prosjekt over dei neste åra for å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til fleire grupper med elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.